



Institutt for samfunnsvitenskap

**Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?**

Ein diskursanalyse av korleis doktorgradsstudentar snakkar om Open Access.

Kristin Alvsvåg

Masteroppgåve i sosiologi SOS-3900 November 2021



## **Samandrag**

I dette masterprosjektet har eg undersøkt korleis doktorgradsstudentar snakkar om *Open Access*. Dette er ei kvalitativ studie der diskursanalyse er nytta som analysemodell. Målet har vore å få eit innblikk i kva tankar, haldningar og tankar haldningar som finnst blant ferske forskarar ved universitet i Norge. Problemstillingane eg har nytta er: *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access?* og *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?*

Under analysen har identifiserte tre tematiske diskursar under *Juniorane sin Open Accessdiskurs: Viktigheita av tilgjengeleg forskning-diskursen, Tellekantdiskursen og Røvardiskursen.*

I arbeidet med analysen har eg nytta to perspektiv som er blitt identifisert i diskursane: *Marknadsmetaforar i akademia* og *Spelereglar for juniorane i akademia.*

Eit av dei sentrale funna i studien er at diskursane kan bli sett på som ulike sider ved *Open Access*: Den positive sida, baksida og skuggesida. Hovudargumentet so for *Open Access* er at forskning *skal* og *bør* vera tilgjengeleg for alle fordi det mest forskning er offentleg finansiert. Samstundes er det funne at juniorane meiner at det ikkje nødvendigvis fører til at fleire les forskning.

## Forord

“Neither the life of an individual nor the life of a society can be understood without understanding them both.”

- Charles Wright Mills, The sociological imagination (Mills, 1999)

Med masteroppgåva levert har eg nådd slutten av studiet ved UiT Norges arktiske universitet. Mastergraden har vert eit arktisk, akademisk eventyr utan like. Eg flyttet opp til Tromsø i august 2019 då eg ikkje hadde sett noko av Norge lenger nord enn Trondheim.

Eg var heldig og fekk plass å bu allereie på først dagen og arbeid som ekstrahjelp i bokhandel på Nord-Norges største kjøpesenter i løpet av dei første vekene. Å vera publikum til NM i lassokasting midt i Storgata er noko eg aldri kjem til å gløyma. Tusen takk for meg, Tromsø og Nord-Norge, det er ikkje umogleg at dykk ser meg igjen!

Som ein UiT-student under ein pandemi har oppgåva blitt skriva på utradisjonelle stadar, då eg flyttet tilbake sørover når pandemien brøyt ut. Difor har oppgåva blitt til på heimekontor i Bergen, på nattevakter i Bergen fengsel og på campus på mitt gamle universitet, Universitet i Bergen med hospitantstatus.

Hjarteleg takk til min veileiar Kari Dyb for å minne meg på min eigen sosiologiske fantasi og gje meg trua på evna mi til å nytte meg av den. Takk for at du har bidratt med din fagkompetanse og motiverande ord.. Tusen takk til Sissel Eriksen, for di hjelp med å utforma projektskissa når behovet for å endra temaet for oppgåva mi var naudsynt.

Tusen takk til informantane som takka ja, dei ni doktorgradsstudentane som tok seg tid til enda eit digitalt møte i lange periodar med heimekontor. Det hadde ikkje blitt noko masteroppgåva utan dykk.

Takk til min familie. Takk til mi syster som i mange år har vert mitt store akademiske forbilete. Eg hugsar enda at du fortalte meg at viss eg ikkje valte å studera på eit universitet så

kom eg til å angre på det. Eg tok deg på ordet. Takk til pappa for gode diskusjonar og for å alltid ta telefonen når eg ringer. Takk til mamma for å ha trua på meg og for å med ujamne mellomrom sjekka at eg har det bra. Tusen takk til mine to brør for å alltid støtta meg i mine draumar og mål i livet. Dykk har alltid sett kor det kjem ifrå.

Tusen takk til deg, Magnhild som har tatt meg inn og gitt meg husrom når eg valte å flytta tilbake til Bergen etter at pandemien braut ut i landet vårt. Takk for at eg har kunne lent meg på deg frå me byrja på same barneskule, men spesielt i heile denne krevjande perioden, frå byrjinga til slutten av mi masteroppgåva. Til slutt vil eg igjen takk Magnhild Solvoll og Sidsel Anita Itland for å ha kapasitet til å hjelpe meg med språkvask og gode tilbakemeldingar av masteroppgåva.

## Innhaldsliste

Samandrag.....	2
Forord.....	3
Innhaldsliste .....	5
1 Innleiing.....	7
1.1 Problemstilling .....	14
1.2 Oppgåva si struktur .....	14
1.3 Litteraturgjennomgang .....	15
2 Teoretisk rammeverk.....	17
2.1 Den historiske bakgrunnen til Open Access.....	18
2.2 Open Access og juniorar i akademia.....	19
2.3 Marknadsmetaforar i akademia .....	20
2.4 Spelereglar for juniorar i akademia .....	23
3 Metode og forskingsdesign .....	27
3.1 Val av metode, utval og rekruttering.....	27
3.2 Kvalitative intervju.....	27
3.3 Transkribering .....	28
3.4 Etiske utfordringar.....	32
3.5 Validitet .....	32
3.6 Reliabilitet .....	33
4 Diskursanalyse.....	34
4.1 Arkeologien og geneologien .....	35
4.2 Diskurs, normer og kodar.....	36
5 Empiri, analyse og drøfting.....	39
5.1 Empiri og analyse.....	40
5.1.1 Viktigheita av tilgjengeleg forskning (den positive sida ved Open Access).....	44

5.1.2 Tellekantssystemet i norsk akademia (baksida av Open Access).....	54
5.1.3 Røvardidsskrift (skuggesida av Open Access).....	61
5.2 Drøfting .....	64
5.3 Viktigheita av tilgjengeleg forskning .....	65
5.4 Tellekantssystemet i norsk akademia .....	69
5.5 Røvardidsskrift .....	70
6 Avslutning og konklusjon .....	72
7 Referanser.....	76
Vedlegg 1 .....	79
Vedlegg 2 .....	82
Vedlegg 3 .....	86

## 1 Innleiing

Dette masterprosjektet handlar om korleis doktorgradsstudentar snakkar om og opplever *Open Access*. Dette er ein kvalitativ studie der eg har nytta diskursanalyse som analysemodell.

Målet med prosjektet å få eit innblikk i kva tankar, haldningar og erfaringar doktorgradsstudentar i Norge frå ulike fagfelt ved ulike universitet har om *Open Access*. Sjølve omgrepet *Open Access* er nytta av forskarar for å fjerne barrierar for å få tilgang til forskning (Suber, 2012, p. 9). *Open Access* er ein del av ein kultur for openheit og deling som internett gjer rom for. Suber (2012) hevdar at *Open Access* gjer fordelar til alle av den same grunnen som at forskning i seg sjølv gjer fordelar til alle. Det at konseptet *Open Access* har blitt framstilt fordelaktig for alle, inkludert for forskarane sjølv har gjort meg nysgjerrig på korleis det blir opplevd frå forskarsida.

Med utviklinga av internett er det opna opp for eit nytt høve for vitskapleg publisering. Samt kor og korleis ein kan få tak i forskingsartiklar. Det har opna opp for å tenka nytt om forskning. Internett har bidrege med eit høve til ein endring i tre ting i samanheng med *Open Access*, dette er:

- Å tenkja nytt om *publisering* av forskingsartiklar
- Å bidra til ein *demokratisering* av samfunnet sin tilgang til forskning - Å få tilgang på eit *globalt* publikum til forskingsformidling

Ved å bruke internettet til spreing av vitskapelege artiklar, stiller det høge krav til mottakaren eller brukaren sine kritiske evner. Forskingsartiklar som er tilgjengelege gjennom *Open Access* er direkte tilgjengeleg for alle som er interessert og kan ha nytte av forskinga (Crawford, 2011, p. 9). Så lenge dei har tilgang til internett er det ingen murar som verken handlar om økonomi eller tilgang (Crawford, 2011, p. 9). *Open Access* har ført til ein endring i korleis me tenker om publisering, tilgjengelegheit og demokratisering av forskning.



*Open Access* har ført til eit høve til å *publisere* forskning ope tilgjengeleg. Forsking kan dermed bli lest av fleire. Publisering av forskingsartiklar i vitenskaplege tidsskrift er ein arena kor akademikarar og forskarar vert inspirert av, byggjar på og kritiserer andre forskarar si forskning. Med fagfellevurdering som kvalitetssikring av forskingsbidraget er vitenskaplege tidsskrift kanalen forkinga blir kommunisert gjennom. Det finnes egne *Open Access* tidsskrifter og det finnes tidsskrifter som tilbyr *Open Access* publisering for einskilde artiklar. Det å publisere forskning i vitenskaplege tidsskrift er ofte sett på som eit endeleg bevis på at forkinga er gjort og det gjev prestisje til forskaren å få publisert si forskning i høgtstående tidsskrift.

*Open Access* har som mål å gjera forskning tilgjengeleg for alle. Dette har eit *demokratisk aspekt*, fordi forskning og derav kunnskap er nokon me nyttar for å gje vår stemme til eit politisk parti ved eit val, og dermed til korleis landet skal styrast. Difor vil det at alle i samfunnet har tilgang til den same forkinga og kunnskapen med *Open Access* kunne seiast å vera ein demokratisering av forskning og kunnskap, og dermed fungere som eit gode for samfunnet som heilskap. Med *Open Access*, skal forskingsartikkelen ver tilgjengeleg utan forseinkingar eller nokon form for barrierar som handlar om økonomi eller tilgang (Crawford, 2011, p. 9). Vitenskaplege artiklar som er tilgjengeleg gjennom *Open Access* er der for alle som er interessert og kan ha nytte av forkinga, så lenge dei har tilgang til internett (Crawford, 2011, p. 9). Internett kan seiast å bidra til ein demokratisering av forskning på eit globalt plan.

Eit av hovudargumenta for *Open Access* er at det skal bidra til at forskarar skal kunne nytte seg av forskning som er produsert tvers over kloden, dette gjer at *Open Access* er noko som er med på ei *globalisering* verda. *Open Access* er noko som tar sikte på å bidra til å dempe skilnadane mellom rike og fattige land. *Open Access* har derav eit internasjonalt perspektiv som er direkte knyttet til internasjonal solidaritet (Brekke, 2016, p. 15). Mange tenkjer på *Open Access* som framtida for vitenskapleg publisering og fenomenet har fått eit stor fokus i akademia. Både nasjonalt og internasjonalt er akademia pådrivar for å utvikla *Open Access*, og dei einskilde forskingsinstitusjonane og det internasjonale forskingssamfunnet har eit ansvar for å finne gode løysingar på open publisering og open tilgang til forskning.

Det finnst fleire ulike typar av *Open Access* tilgang, altso kor mykje og kva tilgang ein har til den spesifikke artikkelen. I masterprosjektet studerer eg *Open Access* under eit, og har fokusert på *Open Access* som eit fenomen og som ei rørsle. Likevel kan det seiast at dei vanlegast typane *Open Access* er: *Open Access Gold*, *Open Access green* og *Open Access Hybrid* (Frantsvåg & Aspaas, 2020) (Suber, 2012). Dersom artikkelforfattaren vel å publisera forskingsartiklane i eit *Open Access tidsskrift*, så er det dette som kallast for *Gull Open Access* (Suber, 2012). Dersom forskingsartikkelen blir publisert i eit vitenskapsarkiv så er det det ein kallar *Grøn Open Access* (Suber, 2012). *Hybrid Open Access* er når berre nokon av artiklane i eit tidsskrift er *Open Access*.

Tidsskrifter drar nytte av *Open Access* fordi publiserte artiklar er lettare å oppdage og dermed meir nyttige. *Gull Open Access* tidsskrifter kan tiltrekka fleire lesarar, forfattarar og relaterte finansieringskjelder. Tradisjonelle tidsskrifter som støtter full *Grøn Open Access* (med fullstendig redigerte artiklar deponert umiddelbart i arkiv) får liknande fordelar. Institusjonar som finansierer forskning drar og nytte av *Open Access* fordi resultat av deira finansiering kan nå ut til eit breiare publikum og brukast meir effektivt i framtidig forskingspraksis (Crawford, 2011, p. 10).

Det er fleire ting som har gjort *Open Access*, eller open tilgang til vitenskaplege artiklar mogleg i academia. *Open Access* vil kunne verke positivt inn på den akademiske tradisjonen med å produsere og publisere forskning for innverknad og ikkje for pengar (Suber, 2012). Dette er mogleg fordi universitetssektoren som lønner forskarar i stor grad blir finansiert offentleg. Offentleg finansiering forsterkar argumentet om å dela goda, i dette tilfellet tilgang til forskning med resten av samfunnet. Det forgjer forskarar til å samtykke til open tilgang til forskning utan å mista inntekter (Suber, 2012). Dette er med på å støtte den akademiske fridomen og fremjar open tilgang på forskning som gjer at alle formelt sett har det same høve til å delta i den akademiske samtalen.

Dei siste åra har institusjonar i større og større grad utvikla sin eigen *Open Access politikk*. Størsteparten av norske utdannings- og forskingsinstitusjonar i Norge har ein eigen politikk

på *Open Access* feltet. Arbeidsgruppa leia av professoren Torkel Brekke la fram eir forslag til regjeringa som resulterte i rapporten «Nasjonale retningslinjer for open tilgang til forskningsresultater» i 2016. Brekkeutvalet la fram at open tilgang kan bidra til betre forskning, ei auka konkurransekraft og ein meir opplyst allmennheit (Brekke, 2016, p. 1). Utvalet føreslår at forskning som er finansiert med offentlege midlar skal fortrinnsvis publiserast i *Open Access*-tidsskrifter (Brekke, 2016). Samt at det blir oppretta eit nasjonalt vitenskapsarkiv for opent tilgjengelege vitenskaplege artiklar (Brekke, 2016).

I Stortingsmeldinga *Lange linjer – kunnskap gir muligheter* (Meld.St. 18 (2012-2013)), står det at fagfellelevurderte tidsskrift er ein sentral kanal for formidling av forskingsresultat. Det kjem og fram krav som gjelder alle vitenskaplege artiklar som er heilt eller delvis offentleg finansiert. Dette er at dei anten skal publiserast opent eller skal eigenarkiverast etter avtale med utgjevar (Meld.St. 18 (2012-2013)). I Norge er det meste av forskning offentleg finansiert og dette gjer at dette argumentet står sterkt ved norske forskingsinstitusjonar.

Unit – Direktoratet for IKT og fellestjenester i høgere utdanning og forskning held på å forhandlar med dei store tidsskriftforlaga Elsevier, SpringerNature, Taylor & Francis og Wiley (Unit, 2013). Målet er å få i stad berekraftige avtalar med forlaga om *Open Access* (Unit, 2013). Universitet- og høgskolerådet har slutta seg til denne forhandlinga med forlaga. Slik sett er den politiske forankringa til *Open Access* i Norge brei, og er sentral i fleire av nasjonale institusjonane som har ein leiande posisjon i forskinga si verd.

Norges forskningsråd har tilslutta seg den internasjonale «cOAlition S» eller «Plan S» (Unit, 2013). Den planen vart lansert i 2018 og krevjar at alle vitenskaplege publiseringar som produsert med offentleg finansiering skal vera publisert i *Open Access* kanalar eller plattformar innan 2021 (Unit, 2013). Som eit ledd i den politiske gjennomføringa av *Open Access* politikk har dei fleste universitet oppretta eigne vitenskapsarkiv og eigne publikasjonsfond som ein del av gjennomføringa.

Når mange ser på *Open Access* som framtida for vitenskapleg publisering så er det interessant å sjå på kva *Open Access debatter og diskusjonar* det finnast på temaet. Dette fordi dagens debatt eller diskusjon ofte gjev eit frampeik på kva ynskje og forventningar forskingssamfunn og forskarar har for framtida. Den offentlege debatten syner at *Open Access* engasjerer og at det er mange ulike meiningar om *Open Access*. Engasjementet kjem særleg til uttrykk i Khrono.no, som er ei uavhengig nyheitsavis for høgare utdanning og forskning, utgjeve av Oslomet. Mitt inntrykk er at den offentlege debatten om *Open Access* dominerast av seniorar, og at det er flest seniorar (etablerte forskarar, gjerne faste tilsette) i akademien, i større grad enn juniorar (yngre og ferske forskarar) har uttalt seg om *Open Access* og omkringliggende temaer.

Eg har allereie nemnd fleire argument til støtte for *Open Access*. Blant desse, er det ofte fremja argument av støttespelarane til *Open Access* at alle har ein *rett* til at forskning som er produsert heilt eller delvis av offentlege midlar skal vera opent tilgjengeleg. Eg har sett lite kritikk direkte retta mot hensikta med å gjera forskning ope tilgjengeleg, men motstandarar mot *Open Access* hevdar ofte at det er mindre høve til å gjera forskning tilgjengeleg for *alle* på ein god nok måte, eller at implementeringa har vore for rask.

*Open Access* rørsle vert ofte sett på som eit ideal for forskning og dermed kan ein argumentere for det på eit idealistisk grunnlag. Dette gjer at nokre motstandarar ser på *Open Access* som utopisk, og derav meiner at det er noko som ville fungert i ein idealverd, men ikkje i det systemet forskning blir gjort under i dag. Samstundes herskar det ein generell semje om nytteverdien av å gjere forskning tilgjengeleg for folk. I diskusjonen om *Open Access* har det og dukka opp fleire negative aspekt. Eit døme er dei høge kostnadane ved *Open Access* publisering. Noko som ofte sett i samband med makta til forlaga, særleg dei forlaga som vert som til dei forlaga som vert titulert som forlagsgigantane. Desse har makt til å blant anna bestemma prisar for *Open Access publikasjonar*.

I følgje Hillesund (2005) er ideen om *Open Access* ein konsekvens av den vitenskaplege informasjonssyklusen som har føregått i fleire tiår (Hillesund, 2005, p. 3). I forhold til den

generelle prisveksten har kostnadane for å publisera vitenskaplege artiklar i eit tidsskrift auka drastisk. Spesielt etter det blei vanleg med digitale tidsskrift har dette vore tilfelle (Hillesund, 2005). I følgje Hillesund har det at tidsskrifta i stor grad har vorte digitale gjort at tidsskrifta i realiteten har hatt mindre kostnadar med trykking i fysiske eksemplar. Ei auka tal på vitenskaplege artiklar har ført til stor auking av tidsskrift som gjerne har vore digitale. Dette igjen har ført til store kostnadar til universitets- og høgskulebiblioteka (Hillesund, 2005). Hillesund kallar denne situasjonen som oppstå etter denne utviklinga for ei *tidsskriftkrise*.

Budsjettet til å kjøpa inn forskingslitteratur har blitt verande på eit stabilt nivå, samstundes som prisen for å publisere har auka (Hillesund, 2005). Universitetsbiblioteka har dermed ikkje hatt høvet til å kjøpa inn alt dei har ynskja (Hillesund, 2005). Sjølv universitetsbibliotek ved rike universitet har hatt store avgrensingar og har måtte prioritera hardt kva forskingslitteratur dei skal kjøpa inn og kva dei ikkje skal kjøpa. For studentar og kanskje spesielt forskarar ved institusjonane har dette vore problematisk å ikkje hatt tilgang til det nyaste innan forskingslitteraturen. Prisauke på forskingslitteratur er truleg størst problem for forskarar ved mindre forskingsinstitusjonar i Norge og forskingsinstitusjonar i fattigare land. På grunn av denne situasjonen som oppstod i academia når teknologien gjorde sitt inntog så har *Open Access* blitt sett på av mange som løysinga (Hillesund, 2005).

Det er ingen hemmelegheit at det kostar pengar å *finansiere* forskning. Det kostar å betala forskarar for arbeidet, betale for publisering og det kostar pengar for universiteta å kjøpe tilgang til forskning. Crawford (2011) hevdar at *Open Access* akselerer forskingsprosessen og gjev forskarar meir produktive. Det gjer og forskning meir nyttig ved å gjera resultat direkte tilgjengeleg for eit breiare publikum, og aukar dermed forskingsfinansieringa si avkastning på investeringa. *Open Access* er rett og slett ein god forretning for forskingsmiljøet (Crawford, 2011, p. 10). *Open Access* hjelper lesarar til å finna forfattarar. Det tyder at fleire artiklar kan å eit breiare publikum til ein lågare kostnad enn det som er mogleg gjennom abonnement og lisensiering. *Open Access* sparar utvilsomt pengar for lesarane. Det skal og kunne spare pengar for forskarar og for bibliotek (Crawford, 2011, p. 10).

Sjølv om internett og datamaskinen har ført til at det er eit høve for å publisere forskingsartiklar i vitskaplege tidsskrift raskare og meir effektivt, kostar det likevel pengar å publisera (Best, 2016). Blant anna skal tidsskriftet sine tilsette skal ha betalt, det kostar pengar med det fysiske lokalet og det kostar med utstyr (Best, 2016, p. 162).

Best (2016) fortel han fekk beskjed frå ein professor at det ikkje var noko transaksjon som involverer pengar når forskning blei publisert i tidsskrift. Dette er sant ut ifrå forfattaren sin ståstad ved såkalla tradisjonell publisering. Dette er noko som kan tenkast at gjer å gjera *Open Access* litt vanskeleg, fordi det i praksis blir forfattaren som må få økonomiske midlar frå sin forskingsinstitusjon til å betala for at forskinga skal vera gratis. Sjølv om ein som professor ved eit universitet ikkje alltid «ser» pengane så er det i systemet nokon som får betalt og andre som tar betalt (Best, 2016, p. 158). Ved norske universitet er dette ofte universitetsbiblioteka si rolla å sørge for at ein har kjøpt abonnement for forskning ein vil ha tilgjengeleg. Utan at ein forskingsartikkel er publisert *Open Access* må universitetsbiblioteket kjøpe tilgang til forskingsartikkelen som ein forskar ved sitt universitet har produsert.

*Open Access* er gjort mogleg av internettet og rettane ein har til eige arbeid. Forfattarar beheld sine rettar for deira arbeid fram rettane blir overført til nokon andre (Suber, 2012, p. 9).

Vitskaplege tidsskrifter betalar generelt ikkje forfattarane for forskingsartiklane, noko som frigjer denne spesielle forfattargruppa til å samtykke til å publisere *Open Access* utan å mista inntekt, fordi løna til forskarane som regel kjem frå universiteta.

Universitetet har eigne interesser i å fremja *Open Access*, desse ideelle institusjonane gjer sitt oppdrag å fremja forskning og å gjera den forskinga så nyttig og allment tilgjengeleg som mogleg (Suber, 2012, p. 77). Pengane deira frigjer forskarane til å gjera arbeidet sitt og unngå behovet for å knytte inntekta til ideane sin popularitet (Suber, 2012, p. 78). Først og fremst, desse institusjonane er eineståande posisjon til påverka forfattarslutningar (Suber, 2012, p. 78).

I hovudsak kan ein seia at forskarar skriv tidsskriftartiklar for å få gjennomslag og kommunisere snarare enn å tena pengar. Open tilgang oppfyller denne motivasjonen ved å gjera desse artiklane allment tilgjengeleg. Denne mogleiken gjev at forskarane kan få tilbake rettane til artiklane (Crawford, 2011, p. 10).

Noko av det som gjer at ikkje kven som helst kan publisera forskning eller at ein forskar ikkje vil publisere kor som helst er nettopp ved at ein ved å publisera i eit anerkjent fagtidsskrift blir artikkelen fagfelleverdert. Fagfelleverdinga fungerer som kvalitetssikring og bidrar til at artikkelen blir tatt seriøst. Det som ein likevel kan merka seg er, at fagfelleverding i stor grad vert gjort gratis, på dugnad. Det vil seie at fagtidsskrifta mottar pengar for artikkelen anten via forfattarbetaling (*Open Access*) eller via betalingsmurar der lesaren betaler. Men dei betalar ikkje for fagfelleverdinga, dermed må forskaren innanfor det spesifikke fagfeltet ta av si tid for å fagfelleverdere andre forskarar sitt verk innanfor same felt, men blir ikkje kompensert for det økonomisk.

## **1.1 Problemstilling**

Problemstillingane som skal belysast i dette masterprosjektet er: *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access?* og *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?*. For å svare på problemstillingane har eg gjennomført ein diskursanalyse og identifiserte tre tematiske diskursar under *Juniorane sin Open Accessdiskurs*. Problemstillinga *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access?* skal belyst i kapittel 5.1 Empiri og analyse, ved å nytte diskursane til å analysera utvalde utsegn frå doktorgradsstudentane. Problemstillinga *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?* skal drøftast i kapittel 5.2 Drøfting, her skal det og sjå på om forskingslitteratur samsvarar med funna i empirien og analysen.

## **1.2 Oppgåva si struktur**

Masterprosjektet er delt inn i ulike kapittel der som tar for seg kvar sin del av studien. I kapittel 1 Innleiing har eg introdusert *Open Access* som fenomen, gjort greie for

problemstillinga, oppgåva struktur og gjort ein litteraturgjennomgang. I kapittel 2 Teoretisk rammeverk har eg gjort greie for kva teoretisk rammeverk som er nytta til å svare på problemstillingane. Difor er det i dette kapittelet gjort greie for den historiske konteksten til *Open Access*, gjort greie for kvifor eg har valt å kalla doktorgradsstudentar juniorar i akademia for å studere *Open Access*. Deretter er det gjort greie for korleis marknadsmetaforar i akademia og spelereglar for juniorar i akademia påverka *Juniorane sin Open Access-diskurs*.

I kapittel 3 Metode og forskingsdesign er det gjort greie for studien sitt metodiske opplegg ved å gjere greie for val av utval og rekruttering, får så å gjere greie for valet av kvalitative intervju og transkriberingsprosessen. Til slutt har eg gjort greie for etiske utfordringar, validitet og reliabilitet. I kapittel 4 Diskursanalyse har eg gjort greie for kva ein diskursanalyse er, Foucault sin diskursanalyse, arkeologien og genealogien, kritisk diskursanalyse og Hall sine 6 element hos Foucault.

I kapittel 5 Empiri, analyse og drøfting er det i kapittel 5.1 Empiri og analyse er det gjort ein diskursanalyse av datamaterialet som var innhenta under intervjuet og svart på problemstillinga *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access?*. I kapittel 5.2 Drøfting er problemstillinga *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?* svart på. I kapittel 6 Konklusjon er masterprosjektet sin konklusjon og avslutning. He vil eg oppsummera kva funn det er gjort i analysen, samt føreslå vidare forskning på temaet *Open Access*.

### **1.3 Litteraturgjennomgang**

Det er lite sosiologisk forskning på *Open Access*, og nesten ingenting på korleis ferske forskarar opplever temaet. Det som finnast av forskingslitteratur på feltet er ofte med eit bibliotekvitskap perspektiv. Ved å nytte diskursanalyse i dette masterprosjektet har det gitt meg eit høve til å identifisere diskursar og aspekt ved *Open Access* som det trengst meir forskning på for å kunne finne ut korleis *Open Access* verkar best mogleg.



Det mest grunnleggjande argumentet ein om kvifor forskingssamfunnet skal velje *Open Access* er at det er ein grunnleggjande rettferd ovanfor skattebetalarane som har betalt forskning som er offentleg finansiert (Crawford, 2011, p. 10). *Open Access* byggjer sterkare forskingsmiljø og brukarar utvidar dialogen innanfor og mellom desse samfunna, og kan støtte betre samarbeid i og mellom samfunna (Crawford, 2011, p. 10). Meir deling av forskning vil gjere at færre gjer den same forskinga unødige, og heller kan byggja på fagfellar sin forskning. Dette gjer at ein med bruk av internett kan gjera forskinga tilgjengeleg globalt. Det gjer at forskinga blir raskare spreia og *Open Access* fremjar vitskapleg utvikling (Seethapathy, et al., 2017). Gjennom den globale delinga, får forfattaren fleire lesarar og lesaren vert betre oppdatert på forskingsfronten med *Open Access* (Crawford, 2011, p. 9).

I forskingslitteraturen på *Open Access* kom det fram at det var mange fordelar med fenomenet. *Open Access* er ein fordel for alle som nyttar seg av forskning, til dømes i næringslivet, i media, i skulen og privatpersonar (Seethapathy, et al., 2017). Crawford (2011) hevdar at folk burde bry seg om *Open Access* av grunnar som tilgang, rettferd og forbetra forskingsproduktivitet. Det at det er dokumentert store fordelar med *Open Access* gjer det desto viktigare å forske på eventuelle ulemper fenomenet førar med seg.

Som tidlegare nemnd er dei globale høva med *Open Access* via internettet viktig, eit mål er at *Open Access* kan bidra til å jamna ut det kunnskapsgapet som eksisterer mellom rike og fattige delar av verda (Seethapathy, et al., 2017). *Open Access* er ein ståande invitasjon for heile verda til vera me då utvikla og kritisera ny kunnskap. Dette krev at ein spreiar kunnskapspåstandane vidt (Suber, 2008).

Til tross for at *Open Access* blir sett på som ei forlenging av vitskapen sitt ideal om deling av kunnskap, så er det likevel ein veg igjen før all forskning er offentleg tilgjengeleg. Suber (2012) hevdar at dei største hindera for *Open Access* ikkje er tekniske, juridiske eller økonomiske, men kulturelle. Akademia og universiteta har lenge hatt ein sterk posisjon i samfunnet i større delar av verda, innanfor her finnast det tradisjonar og kulturar. Tradisjonane og kulturane i akademia vil påverka kva framvekst *Open Access* vil ha.

## 2 Teoretisk rammeverk

For å kunne svare på problemstillingane: *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access?* og *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?* vil eg i dette kapitlet, kapittel 2 gjere greie for det teoretiske rammeverket som er nytta i studien. Som eg har gjort greie for ovanfor så består kapittel 2 Teoretisk rammeverk av det teoretiske rammeverket i masterprosjektet, då alle perspektiva er viktige for å kunne gjere ein god analyse av datamaterialet.

*Open Access* sin historiske kontekst er sentralt for å forstå korleis rørsle byrja og kva utvikling som har skjedd til i dag. Dette illustrerer og at *Open Access* må både forståast som eit fenomen og som ei rørsle, og det er gjennom vala akademia tar i dag som gjev eit utgangspunkt på om all forskning er *Open Access* i framtida eller ikkje.

Kvifor eg har valt å nytta omgrepet «junior» som doktorgradsstudent er ein del av det teoretiske rammeverket i oppgåva. I tillegg har eg gjort greie for kvifor eg har valt å intervjuja nettopp doktorgradsstudentar og korleis dette er mitt bidrag til sosiologisk forskning om *Open Access*.

Under analysearbeidet identifiserte eg to perspektiv som var gjennomgåande i *Juniorane sin Open Access-diskurs*. Desse perspektiva skal nyttast i diskursanalysen. Eg har valt å kalle perspektiva *Marknadsmetaforar i akademia* og *Spelereglar for juniorar i akademia*. Perspektiva er nok ikkje berre gjeldande i *Juniorane sin Open Access-diskurs* då det er synleg i fleire delar av akademia. Men slik som eg har identifisert og nytta dei i analysen er det korleis dei direkte handlar om *Open Access* og påverkar korleis juniorane snakkar om fenomenet.

## 2.1 Den historiske bakgrunnen til Open Access

Det var fleire aktørar som må nemnast i *Open Access sin historiske* bakgrunn, desse skal eg gjere greie for i avsnitta under. Crawford (2011) har gjort greie for tre ulike kandidatar som kan reknast som sjølv byrjinga på rørsle som til skulle utvikle seg til å bli *Open Access rørsle: The September 98 Forum, The Open Archives Initiative* frå 1999 og *The Budapest Conference* frå 2001 (Crawford, 2011). Det er likevel vanlegast å meine at *Open Access rørsle* hadde sitt utspring i Budapest.

I følge Crawford (2011) er det tre publiseringskanalar som reknast forløparar for *Open Access rørsle* som må nemnast, dette er: Dette er det første fagfelleverderte tidsskriftet *New Horizons in Adult Education* frå 1987, *Newsletter on Serial Pricing Issues* frå 1989 som blir rekna som ein av dei aller første reaksjonane på tidsskriftkrise og til slutt *arXiv* som er det fagarkivet som har vore etablert lengst (Crawford, 2011). Bak desse pådrivarane finnes det eldsjeler som har fortsett å driva utviklinga av *Open Access* vidare til det blei rekna som ei rørsle og omgrepet blei tatt i bruk.

Dette førte til tre deklarasjonar som kanskje kan reknast som sjølv byrjinga av *Open Access* (Crawford, 2011). Blant desse er Budapest Open Access Initiative som av mange er rekna som den offisielle byrjinga av rørsle (Open Society Institute 2002), samt Berlin Declaration on Open Knowledge in the Sciences and Humanities og Bethesda Statement on Open Access Publishing (Crawford, 2011) (Suber, 2012). Desse vert på norsk kalla Budapestdeklarasjonen, Berlindeklarasjonen og Bethesdadeklarasjonen.

Budapestdeklarasjonen blei signert i 2002 (Crawford, 2011). Den inneheld retningslinjer for institusjonar og einskildpersonar som har eit ynskje om å gjera sin forskning gratis gjennom internett. Allereie i Budapestdeklarasjonen er det skissert to ulike måtar å skaffa tilgang på. Den eine er i *Open Access* tidsskrift og den andre er med eigenarkivering. I sistnemnde ville artikkelforfattaren publisere i tradisjonelle tidsskrift (med betalingsmur). Men kunne likevel behalde rettane til eige arbeid og difor publisere i eige vitenskapsarkiv (Unit, 2013).

Bethesda deklarasjonen blei utvikla gjennom eit møte med ei arbeidsgruppa på 24 menneske ved Howard Hughes Medical Institute i Chevy Chase Maryland i 2003 (Howard Hughes Medical Institute 2003). Deklarasjonen er basert på deklarasjonen i Budapest, men seier noko om korleis forfattarane av forskingsartiklar og rettshavarar skal utøva *Open Access*. Den viser til fleire prinsipp som blant ann forlag og bibliotek bør følgja. Prinsippa tar blant anna for seg ei merking av *Open Access* tidsskrift i databasar og katalogiseringssystem.

Berlindeklarasjonen blei utarbeid i 2003 og blei utvikla i samråd med intensjonane til Budapest- og Bethesdadeklarasjonane om å gjere nytte av internett som eit verktøy til å skapa eit globalt vitskapleg forskingssamfunn med *Open Access*. I tillegg bidrar deklarasjonen med tips til tiltak for bibliotek, forlag, arkiv og andre institusjonar som må ta stilling til *Open Access*.

## **2.2 Open Access og juniorar i akademia**

*Open Access* kan både forståast som eit fenomen, ei rørsla og den historiske bakgrunnen er sentral for å skildra *Open Access*. Som nemnd er det lite sosiologisk forskning på fenomenet, særleg om korleis doktorgradsstudentar i akademia opplever *Open Access*. Eg har valt undersøke korleis doktorgradsstudentar opplever fenomenet fordi dei er den første gruppa som entrar akademia i ein periode der vi kan seia at *Open Access publisering* er i ferd med å bli normalen for publisering, og dermed avgjerande for ei vidare forskingskarriere. Korleis doktorgradsstudentane forhalde seg til *Open Access* er og ei viktig brikke i framtida og den vidare utviklinga for *Open Access*. Fordi allereie som ferske forskarar blir ein del meiningar danna om blant anna *Open Access* som dei tar med vidare i si potensielle forskarkarriere.

I masterprosjektet har eg valt å nytta meg av omgrepa «junior» og «senior». Her reknar eg doktorgradsstudentar som juniorar, og førsteamanuensis og oppover som seniorar. Seniorane har gjerne faste stillingar, og blir dermed det ein ofte kallar «etablerte forskarane». Svært ofte har doktorgradsstudentar berre mellombelse stillingar ved universitetet eller forskingssenter kor dei er tilsett. Dette set dei i ein sårbar posisjon, blant anna med tanke på å uttrykka seg kritisk offentleg om arbeidsstaden sin politikk til dømes. Det at størsteparten av juniorarar

ikkje har fast stilling, gjer at eg truleg ville fått andre funn ved å intervjuja etablerte forskarar. Her kan det tenkast at nettopp dette mellombelse gjer at posisjonen som doktorgradsstudent utrygg. I denne oppgåva kjem det fram korleis dette, og fleire andre aspekt, påverka deira oppleving av nettopp *Open Access*-publisering.

Eg har valt å omtala doktorgradsstudentar som juniorar i akademia, då dei er dei mest ferske forskarane. Nettopp difor ynskja eg å høyra deira versjon. Mitt inntrykk var at juniorane i liten grad hadde uttalt seg om *Open Access*. I tillegg kunne eg ikkje finne mykje sosiologisk litteratur på temaet. Med denne masteren ynskjer eg å komma med mitt sosiologisk bidrag inn feltet.

Mitt inntrykk er at seniorane har brukt i si stemme større grad enn juniorane, gjerne gjennom artiklar i ulike akademiske media. Det har fått meg til lure på om det er stille i juniorane sin leir eller har dei valt andre plattformer å uttrykkje seg på? Gjennom mitt arbeid har eg ikkje oppdaga plattformer kor juniorane tydeleg uttrykkjer seg om *Open Access*. Det underbygger viktigheita av å sjå nærmare på deira forhold til nettopp *Open Access*.

### **2.3 Marknadsmetaforar i akademia**

Under analysearbeidet vart eg meir og meir klar over at eg fann nokon spesifikke metaforar som var nytta i *Juniorane sin Open Access-diskurs*. Då eg la merke til at metaforane var knytt til korleis *Open Access* var ein del av akademia gjorde det at eg såg det var interessant at metaforane som var så innarbeida i språket som juniorane nytta til å skildra meiningane sin i *Juniorane sin Open Access-diskurs*. Slik dukka perspektivet om *Marknadsmetaforar i akademia* fram under arbeidet med analysen. Dette gjorde at eg valte å nytta marknadsmetaforane til å bidra til å skildra diskursane og belysa problemstillingane.

Metaforar er ein del av den språklege kommunikasjonen vår og er noko me ofte brukar utan å tenkja over det. Metaforar florerer i det daglege språket, i kunsten og i vitskapen (Swedberg, 2014, p. 89). Metaforar er gjennomgripande i kvardagen, dette ser ein ikkje berre i språket,

men det eksisterer i tankane og i handlingane våre (Lakoff & Johnson, 2003, p. 3). Dermed er det konseptuelle systemet, som me nyttar oss av når me tenker og handlar fundamentalt metaforisk (Lakoff & Johnson, 2003, p. 3). Med utgangspunkt i ei forståing av at juniorane tenkar og handlar metaforisk så har eg hatt eit høve til å kunne sjå korleis nettopp dette spelar seg ut i språket. Ein kan seia at språket avslørar eller synleggjer korleis dei tenker og handlar innanfor *Juniorane sin Open Access-diskurs*.

Metaforar vert sett på som noko som er karakteristisk for språket åleine og dermed eit spørsmål om ord i staden for ein tanke eller ein handling (Lakoff & Johnson, 2003, p. 3). Kva ord ein nyttar for å snakke om ein spesifikt tema eller i ein spesifikk diskurs er ikkje tilfeldig, og difor har eg valt å inkludere dette aspektet i diskursanalysen. Difor fortel marknadsmetaforane som eg har identifisert under analysearbeidet ikkje berre noko om korleis juniorane snakkar om *Open Access*, men det fortel oss noko om korleis dei tenkar om *Open Access*.

Dei konseptane som styrar tankane våre er ikkje berre intellektuelle spørsmål, dei styrar og vår daglege funksjon, ned til dei mest daglegdagse detaljane (Lakoff & Johnson, 2003, p. 3). Konseptane våre er det som strukturerer det me oppfattar og korleis me samhandlar med andre menneske (Lakoff & Johnson, 2003, p. 3). Difor spelar vårt konseptuelle system ei sentral rolla i å definera vår kvardagslege verkelegheit. Dermed kan ein sjå at, viss ein legger til grunn at vårt konseptuelle system i stor grad er metaforisk, vil måten me tenker på, kva erfaringar me gjer oss og kva me gjer kvar dag vera eit spørsmål om metafor (Lakoff & Johnson, 2003, p. 3). Dei daglegdagse måtane å kommunisere på vert nytta av juniorane i intervjusituasjonen i dette masterprosjektet som i tillegg blir påverka av ein digital intervjusituasjon. Det at det metaforiske i språket ligg så til grunn for korleis me som menneske og dermed juniorane tenkjer, gjer til at det er eit godt høve til å identifisere at marknadsmetaforane si rolle i *Juniorane sin Open Access-diskurs*.

Krafta i metaforane kan vera enorm, noko ein kan sjå i metaforen av hjernen som ein datamaskin (Swedberg, 2014, p. 89). Eit viktig framsteg i analysen av metaforar tok plass på

1900-talet, då fokuset vart flytta frå å sjå metaforen som eit einskild ord til å sjå den som ein del av ein diskurs (Swedberg, 2014, p. 90). Marknadsmetaforar er noko som truleg finnes i fleire delar av akademia og eg har identifisert at dei påverkar *Juniorane sin Open Access* diskurs.

Sjølv om handlingar og tankar ligger til grunn for det språklege i dette konseptuelle systemet, så finnes det likevel avgrensingar for kva som kan bli uttalt innanfor ein diskurs som har med posisjonen det blir snakka frå å gjera. Det juniorane har felles er posisjonen som nedst i hierarkiet i akademia, kva metaforar juniorane nyttar når ein snakkar om akademia (systemet dei er ein del av) har ei betydning for korleis dei snakkar om *Open Access*.

Det konseptuelle systemet me tenkar innanfor er ikkje noko me vanlegvis er klar over, når det gjeld ting me gjer kvar dag, handlar og tenker me meir eller mindre automatisk etter spesifikke linjer (Lakoff & Johnson, 2003, p. 3). I og med at dette er handlingar og tankar som kjem fram språkleg på automatikk utan at ein sjølv er klar over det, så vil ein diskursanalyse gjort i ettertid gje eit høve til å analysere kva for ein betydning dette førar med seg i språket. Automatikken i korleis me tenkar, handlar og snakkar kan seie oss noko om kva rolla marknadsmetaforar faktisk har i akademia, og kva dette gjer med språket i *Juniorane sin Open Access-diskurs*. Viss ein tar utgangspunkt i at metaforar er ein del av det konseptuelle systemet som me ikkje er klar over, og at me nyttar metaforar i språket automatisk, så kan det tenkast at juniorane ikkje var klar over korleis marknadsmetaforane kom fram under intervjuet om *Open Access*.

Det kan tenkast at marknadsmetaforane eg har identifisert i akademia og i *Juniorane sin Open Access-diskurs* er ein del av ein større offentleg politikk. Offentleg sektor har sått ovanfor store endringar og nedskjeringar med New Public Management, og dette har mellom anna universiteta fått kjent på. Eg skal ikkje gå inn på dei reelle marknadskreftene som har gjort eit inntog i akademisk sektor, men med dette vise til at marknadsmetaforane eg har identifisert truleg må sjåast i lys av ein større heilskap.

Juniorane snakkar om forskning som «kunnskapsproduksjon», å sjå på universitetet som ein «kunnskapsbedrift» og å omtala forskning som ein «vare». Det er blitt meir og meir vanleg å sjå på potensielle studentar som «kundar» der ein skal «selje» inn sin høgskule eller universitet til. I det tilfelle blir ein fullført utdanningsgrad eit produkt som er seld inn til studenten. Når ein ser at desse metaforane finnes og er godt etablert i akademia i dag, så ser ein at det i *Juniorane sin Open Access diskursen* er snakk om «betalingsmurar» og «gratis tilgjengeleg forskning».

I ein større samanheng kan ein sjå at universiteta og høgskular i dag er meir opptatt av omdømmebygging både for å tekkast nye studentar og for å skaffe seg forskingsmidlar. Dette gjer at forskingsinstitusjonane må kjempa om dei same potensielle studentane og om dei same forskingsmidlane.

## **2.4 Spelereglar for juniorar i akademia**

I arbeidet med analysen blei det tydeleg at opplevinga juniorane hadde som ny, fersk og mindre erfaren forskar hadde ein betydning for korleis dei snakka om *Open Access*. Dette perspektivet kom meir og meir fram då juniorane snakkar om kor viktig det var med publikasjonspoeng i tellekantssystemet, kor vanskeleg det var å sikra seg vidare arbeid i akademia og at det var stor internasjonal konkurranse. Spesielt at det er vanleg for doktorgradsstudentar hadde mellombelse stillingar i akademia gjorde meg merksam på at det kunne tenkast at posisjonen som junior i akademia hadde ein større betydning for korleis dei som snakka om *Open Access*.

Med dette som utgangspunkt så har eg nytta perspektivet om *Spelereglar for juniorar i akademia*, med den antakelse om at det finnast andre spelereglar for juniorar i akademia enn andre grupper. Difor er det nytta som eit perspektiv i analysen, og sett etter teikn til kor desse andre spelereglane kan gjera seg synlege i dei identifiserte diskursane. Dermed har eg nytta perspektivet med *Spelereglar for juniorar i akademia* skal nyttast i diskursanalyse til å svara på problemstillingane. Dette har vore nyttig for å få sett på problemstillingane med ein større heilskap ved å inkludera posisjonen som doktorgradsstudent som juniorane snakkar ut ifrå.



Det bidrar til at eg kan analysere alle diskursane med desse brillene på, og det gjer rom for ein nytt aspekt.

For å kunne nytte perspektivet med *Spelereglar for juniorar i akademia* vil eg gjere greie for *Hirschman sin teori om handlingsval*. Desse handlingsvala viser tre ulike handlingsval som eg vil nytta til å forstå kva mogleiksrom juniorane har innanfor *Juniorane sin Open Access-diskurs* i akademia. Dette vil bidra til å setja lys på at juniorar har *andre* og *meir avgrensa* spelereglar enn andre tilsette i det akademiske systemet.

*Hirschman sin teori om handlingsval* har ofte vore nytta til å analysere individposisjonar i bedrifter, statar eller organisasjonar. Eg har likevel valt å nytte desse tre handlingsvala for å setja lys på kva spelereglar det finnes for juniorane i akademia. Marknadmetaforane som eg har funne og spelereglane påverkar kvarandre, og marknadmetaforane setter føringar på kva som kan bli sagt innanfor *Juniorane sin Open Access-diskurs*. Både marknadmetaforane funne i *Juniorane sin Open Access-diskurs* og det faktum at juniorane er nedst i hierarkiet i akademia vera sentrale i kva sett med spelereglane for juniorane i akademia finnast. For å kunne tydeleggjere dette, vil eg nytta meg av Hirschman sine tre handlingsval *exit*, *voice* og *loyalty* i diskursanalysen.

Ved å ta med kva for handlingsval juniorane har innanfor mogleiksrommet som finnes som junior i akademia i analysen, vil gje eit høve til å forstå korleis nettopp dette perspektivet påverkar *Juniorane sin Open Access-diskursen* hos juniorar og kvifor perspektivet er viktig. Dermed vil *Hirschman sin teori om handlingsval* bli nytta for å analysere handlingsval på individnivå som kjem til uttrykk gjennom språket som er nytta hos kvar av dei einskilde juniorane i masterprosjektet.

*Hirschman sin teori om handlingsval* har både eit politisk og eit økonomisk aspekt fordi dei tek for seg kva leiinga i denne bedrifta eller organisasjonen kan gjera for å «redde» bedrifta frå å gå under på grunn av individa (i dette tilfellet juniorane) sine handlingsval. Ved å sjå på leiinga i akademia som ein bedrift som må «redde» akademia og sørge for sitt

samfunnsoppdrag er dette perspektivet eit nyttig verktøy for å kunne vise korleis dei som er nedst i hierarkiet og produserer forskning på «bakkeplan».

For at leiinga i dei ulike akademiske institusjonane skal få meir publisering og støtte til *Open Access* må dei sørge for at forskarane og kanskje spesielt juniorane i akademia tener på å nytte seg av *Open Access* publisering. *Hirschman sin teori om handlingsval* viser og korleis ei leiing i ein bedrift kan bli tvungen til å skapa politisk endring på grunn av handlingsval gjort av fleire på individnivå innanfrå i ei bedrift eller ein organisasjon. Nettopp på grunn av den større diskusjonen rundt *Open Access* og mine funn i dette masterprosjektet er det naudsynt for leiinga i akademia å innhente meir forskning og meir informasjon om korleis eit krav om å publisere *Open Access* påverkar juniorane i akademia.

*Hirschman sin teori om handlingsval* illustrerer tre ulike handlingsval det er mogleg å uttrykke som del av ein bedrift eller ein organisasjon. I dette tilfelle vil eg sjå på handlingvala som juniorane uttrykker i *Juniorane sin Open Access-diskurs*, der juniorane er ein del av det akademiske systemet. Difor vil akademia bli sett på som bedrifta eller organisasjonen i denne samanheng. Dei tre handlingsvala til Hirschman er: *exit* (ein trekker seg ut av det heile), *voice* (ein protesterer) og *loyalty* (ein går inn i den ferdigsydde rolla) (Hirschman, 1970). Slik som Hirschman har gjort greie for desse tre handlingsvala så er dei gjensidig utelukkande, og difor vil eg operere med dei på slik måte vidare i teksten.

*Hirschman sin teori om handlingsval* kan nyttast til å finne ut om politikken ei bedrift eller organisasjon førar er mislykka ut ifrå to alternative ruter (Hirschman, 1970, p. 4):

- 1) Viss nokon medleamar av organisasjonen trer ut vil dette medføre handlingsvalet *exit*. Eit resultat her vil kunne vera at viss det er nok medleamar som tek nettopp dette handlingsvalet så kan leiinga bli tvungen til å leita etter måtar og midlar for å retta opp i feila som har ført til handlingsvalet *exit* (Hirschman, 1970, p. 4).
- 2) Viss medlemane uttrykker sin misnøye direkte til leiinga eller som ein generell protest ved å nytte seg av handlingsvalet *voice* til alle som bryr seg om å lytta, vil fungera som eit stemmealternativ og resultat vil kunne vera å at leiinga ser etter

årsaker og fleire høver til å rette opp i medlemmane sine misnøye (Hirschman, 1970, p. 4)

Det som er karakteristisk for juniorane i studiet er at dei aller fleste var tilsette i akademia på mellombelse kontraktar og har enda ikkje hatt lang nok fartstid til å bygge seg opp ein større status. Difor er dette eit problem som indikerer at det mogleiksrommet for kva juniorane kan sei offentleg er annleis enn det dei kan sei anonymt. Samstundes ser ein større skiljelinjer mellom dei to juniorane som hadde fast stilling og resten som var tilsett på mellombelse kontraktar. Det er viktig å ta med vidare at desse to handlingsvala kanskje ikkje alltid er reelle handlingsval for juniorar i akademia.

Difor er det siste handlingsvalet *loyalty* kanskje det som er viktigast i denne samanheng, fordi det er det handlingsvalet som indikerer at ein blir verande. Slik som juniorane blir verande i akademia, med lite rom for å kritisere oppover i systemet fordi dei taper for mykje ved å velja handlingsvala *exit* og *voice*. Dette skal eg ta for meg i analysedelen av masterprosjektet.

Leiinga i akademia burde vera interesserte i juniorane sin reelle kritikk, fordi det vil gje universiteta eit høve til å utvikle betre forskarutdanningar for juniorane, samt utarbeide/skape ordningar som gjer det attraktivt å publisere *Open Access*. For leiinga vil mellombelse stillingar i akademia kunne tenkast å vera eit stort hinder for å få tilgang på kritikk og gode løysingar for ein betre *Open Access* politikk og gjennomføring.

Ved å nytta meg av *Hirschman sin teori om handlingsval*, med handlingvala: *exit*, *voice* og *loyalty* vil eg kunne setje lys på kva sett med spelereglar som finnast for juniorane i akademia. Dette er noko som sett føringar for korleis dei kan snakka om *Open Access*. I tillegg kan det legga føringar for kva diskursar som kan bli identifisert.

### 3 Metode og forskingsdesign

I dette kapitlet, kapittel 3 skal eg gjera greie for den metodiske tilnærminga eg har valt. Eg skal gjera greie for grunnlaget for val av utval, korleis rekrutteringa har føregått, samt korleis eg har analysert datamaterialet. Eg skal vidare gå nærmare inn på etiske utfordringar, validitet og reliabilitet. Til slutt skal eg presentere diskursanalyse som metode, og kvifor det er nyttig å bruka diskursanalyse som analysemodell på eit munnleg datamateriale. Den metodiske tilnærminga har hatt som hensikt å svara på dei to problemstillingane: *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access publisering? Og Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?*

#### 3.1 Val av metode, utval og rekruttering

For å kunne svare på problemstillingane, har eg valt å gjennomføre kvalitative intervju. Det var naudsynt for å kunne gå i djupna på korleis eit utval av doktorgradsstudentar faktisk snakkar om *Open Access*-publisering. Grunna pandemien, har det ikkje vore mogleg å gjennomføre fysiske intervju. Alle mine intervju er dermed gjort på Teams. Lydopptak av intervju er gjort med appen Nettskjema via mobil, lasta opp på nettskjema.no og lagra der mellombels. Digital intervju kunne vorte problematisk for rekrutteringsprosessen, då folk var vane med å møte fysisk framføre digitalt. Masteroppgåva har blitt til under ein pandemi kor mange har nytta digitale kommunikasjonsplattformer i lengre periodar med heimekontor. Dette, kombinert med at doktorgradsstudentar som allereie er vane med ein digital kvardag, har gjort det mogleg å drive brei rekruttering av informantar via mail. I tillegg har den «nye» digitale kvardagen gjeve meg ytterlegare spelerom: Informantane er rekruttert frå tre ulike universitet Norge.

#### 3.2 Kvalitative intervju

Kvalitativ metode går i djupna og vektlegg forståing framføre hendingar og tal (Thagaard, 2009). Ein kan ikkje gå i djupna av korleis doktorgradsstudentar opplev *Open Access* ved hjelp av tal og statistikk. Eg ynskja ei større forståing for sjølve fenomenet *Open Access*. Difor har eg valt intervju i denne analysen av doktorgradsstudentar sin oppleving av *Open Access*.

I utarbeidinga av intervjuguiden var det viktig for meg gje informantane spelerom til å snakka fritt. Intervjuguiden blei utforma med spørsmål knytt til to tematikker. Det eine var *Open Access* generelt og det andre var publisering av forskingsresultat. I forhold til publisering av forskingsresultat spurde eg blant anna eksplisitt om *Open Access*-publisering. Undervegs kom juniorane med nye vinklingar og nye perspektiv som eg ikkje hadde tenkt over. Eg forsøkte å vera så open som mogleg, og gje oppfølgingsspørsmål basert på informantane sine innspel. På denne måten fekk eg godt innsyn i doktorgradstudentane sine opplevingar, deira vinklingar og perspektiv vart utforska vidare. Saman med å følgje opp med oppfølgingsspørsmål til det juniorane valte å utdjupa fungerte dette på ein måte som gjorde at informantane fekk rom til å snakke om det som var mest sentralt for dei sjølve når det gjaldt temaene *Open Access* og publisering. Alle informantane signerte samtykkeskjema.

### **3.3 Transkribering**

Transkribering er å overføra tekst til ein ny form, det er overføringa av eit munnleg til eit skriftleg datamateriale. Med tanke på strategisk tidsbruk er det lurt å transkribere kort tid etter det gjennomførte intervjuet (Brinkmann & Tanggaard, 2012, p. 34). I følgje Brinkmann og Tanggaard (2012) opplever folk prosessen som både langtekkeleg og keisam. Eg må innrømme at prosessen med transkribering opplevde eg som overveldande og tidskrevjande, men samstundes som svært lærerik, noko som samsvarar med Brinkmann og Tanggaard (2012). Det er ein fordel at den som gjennomfører det, transkriberer intervjuet (Brinkmann & Tanggaard, 2012, p. 34). Dette gjev eit høve til å bli godt kjent med datamaterialet som ein skal analysere (Brinkmann & Tanggaard, 2012, p. 34). Ved å halde på ein tanke om analysen i transkriberingsprosessen kan gjere det spanande og produktivt. Det er rom for kreativitet og fantasi i denne tankeprosessen. God idear til analysen dukkar ofte opp i denne delen (Brinkmann & Tanggaard, 2012, p. 34). For å ikkje miste gode idear som kom opp forsøkte eg å sørge for å få det ned på papir.

Det var ein utfordring å trekke ut informasjon som var sentralt for analysen. I følgje Brinkmann og Tanggaard (2012) går likevel går mykje tapt i transkripsjonen. Eg mopplevde å

komma under huden på datamateriale under transkripsjonen og at konturane av kva emne informantane var opptatt av og korleis dei snakka om *Open Access* byrja å manifesta seg. Eg såg ganske snart at informantane var ganske samstemte i deira skildringar av *Open Access*.

Det kortast intervjuet varte i 35 minutt og det lengste i 1,5 time, men dei fleste intervjuar var på rundt ein time. Intervjua gjorde eg i to rundar, då eg tok ein pause i å rekruttera nye informantar etter å ha satt opp og gjennomført dei fem første intervjuar i november 2020. Eg transkriberte desse intervjuar og byrja på sjølv analyseprosessen. Dei resterande fire intervjuar gjennomførte eg i mars 2021.

Under perioden intervju blei gjennomført var alle informantane var tilsette som doktorgradsstudentar ved tre av dei største universiteta i Norge, Universitetet i Bergen (UiB), Universitetet i Agder (UiA) og Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU). Informantane hørte til ulike institutter ved dei tre universiteta:

- Blant dei tre ved UiB var to biologar frå Institutt for biovitenskap og ein kulturvitar ved institutt frå kulturvitenskap.
- Ved NTNU var det ein filosof ved Institutt for filosofi og kulturvitenskap
- Blant dei fem informantane ved UiA var det ein ernæringsfysiolog og ein med master i helsevitenskap frå Institutt for ernæring og folkehelse, ein barnehagelærar frå Institutt for sosiologi og sosialt arbeid, ein pedagog ved Institutt for statsvitenskap og ledelsesfag og ein psykolog frå institutt for psykososial helse.

Ved å sjå på kva universitet informantane er tilsett ved er det tydeleg at eg har lykkast best med å rekruttere informantar frå UiA. Eg har opplevd nettsidene til universitetet som oversiktelege, der det kom tydeleg fram kven som var tilsette som doktorgradsstudentar ved dei ulike institutta. Dette kan har ført til at eg i større grad har ved UiA har meistra å kome i kontakt med fleire som er knytt til fagfelt som eg inkluderte i utvalet enn ved dei andre universiteta. Både ved UiB og UiA har eg rekruttert to informantar ved same institutt. Dette kan sjølvsagt vera tilfeldig, men det kan tenkast at dette er eit teikn på at interessa for *Open Access* ved dette instituttet er større enn på andre institutt. Det kan heller ikkje utelukkast at informantane kan ha eller ha hatt samarbeid i prosjekt der *Open Access* har hatt eit fokus.

For å identifisera kva informant som kom med kva utsegn, så har eg nummerert dei med «Informant 1», «Informant 2», «Informant 3». Dette blir gjort i ei kronologisk rekkjefølgje etter kva tid eg gjennomførte intervjuet, der «Informant nr 1» er informanten eg intervjuet i det første intervjuet og «Informant nr 2» er informanten det andre intervjuet osv.

Informantane var frå fleire stadar i landet og dialektene informantane snakka på var dermed ulike. Eg har likevel valt å skrive dei skriftlege transkripsjonane på nynorsk sjølv om dialekta til den einskild ikkje nødvendigvis var nærare nynorsk enn bokmål. Dette for å gjere det gjennomgåande i sitat og det passer med at studien er skriven på nynorsk.

Gjennom prosessen med transkribering og systematisering av empirisk materiale byrja konturane av analysen å ta form og det gjorde meg trygg på at diskursanalyse som var eit godt analyseverktøyet å nytta meg av. I arbeidet med å systematisera empiri, dukka det opp to perspektiv som eg opplevde som så sentrale for å forstå *Juniorane sin Open Access-diskurs* at eg har nytte dei i diskursanalysen. Dette er som eg har gjort greie for tidlegare *Marknadsmetaforar i akademia* og *Spelereglane til juniorar i akademia*.

Det tematiske innhaldet i intervjuet var utgangspunktet for å identifisere og kategorisere diskursane. Etter å ha sortert sitata tematisk og forsøkt å få ei forståing av meiningsinnhaldet i det språklege, så var det tre tematikkar som var gjennomgåande i *Juniorane sin Open Accessdiskurs*. Formuleringane til diskursane måtte arbeidast med fleire gongar før eg enda opp med eit endeleg resultat. Dei tre diskursane er: *Viktigheita av tilgjengeleg forsking-diskursen*, *Tellekantdiskursen* og *Røvardiskursen*.

*Viktigheita av tilgjengeleg forsking-diskursen* er den mest sentrale av diskursane, då alle informantane snakka om den. Tema kom opp tidleg i intervjuet og ein kan seia at temaet om at tilgjengeleg forsking er viktig låg i lufta heile tida og var nok veldig nært det informantane

meinte at *Open Access* handla om. Difor kjem det tydeleg fram at denne diskursen har fått mest plass.

*Tellekantdiskursen* blei utforma av at fleire av juniorane kom stadig tilbake til å snakka om tellekantssystemet. Dette gjorde at eg vart merksam på at som fersk forskar med ambisjonar om å sikra seg ei vidare forskarkarriere var det ikkje til å komma utanom at tellekantssystemet påverka fleire aspekt, deriblant korleis ein snakka om og opplevde *Open Access*.

*Røvardiskursen* var den mest overraskande diskursen for meg. Tanken om ein samanheng mellom røvardidsskrift og *Open Access* var fråverande under utarbeidinga av intervjuguiden. Temaet kom opp allereie under første intervjuet og det var noko informanten oppfordra meg til å sjå litt meir på. Røvardidsskrift kan sjåast på som ein slags protest mot det etablerte i akademia og har hatt ein framvekst samstundes og parallelt med at *Open Access* har blitt meir vanleg.

Etter eg hadde identifisert dei tre tematiske diskursane såg eg at *Marknadsmetaforar i akademia* er eit nyttig perspektiv for å belysa *Juniorane sin Open Access-diskurs*. Det transkriberte intervjumaterialet viser at klare marknadsmetaforar ligger i språket dei nyttar i korleis dei snakkar om *Open Access*. Ved å finne ord som «kunnskapsproduksjon», «betalingsmur» og «gratis tilgjengeleg» ser ein at det legg nokon rammer for korleis dei tenker og opplever *Open Access*. Sjølv om eg har funne dette i *Juniorane sin Open Accessdiskurs* meiner eg bruk av marknadsmetaforar som står sterkt i akademia.

Perspektivet til *Spelereglar for juniorar i akademia* har eg utvikla for å kunne sette dei tre tematiske diskursane i ein kontekst og drøfta kva posisjonen som fersk forskar og nedst på rangstigen i hierarkiet har av betydning for korleis dei snakkar om *Open Access*. Min påstand er at det finnes andre sett med spelereglar for ulike grupper i akademia. Ut ifrå eit perspektivet om spelereglar har juniorane andre sett med reglar dei må spele etter for å halda seg innanfor systemet, enn til dømes seniorar som fast tilsette forskarar og professorar har.



*Juniorane sin Open Access-diskurs* består av tre tematiske diskursar og er den diskursen som eg har identifisert. Det finnes nok mange *Open Access diskursar* i academia. Ein ville truleg kunne identifisert andre tematikkar innanfor andre grupper i academia om *Open Access*. Eller det kan tenkast at dei same tematikkane ville bli identifisert, men med ulik vekt på kvar av dei. Det kan tenkast at ein ville identifisert andre perspektiv i *Seniorane sin Open Access-diskurs*, ved å intervju etablerte forskarar i academia med faste tilsetningar. Det same ville gjelde *Universitetsbibliotekarane sine Open Access-diskurs* og *Administrativt tilsette ved forskingsinstitusjonar sin Open Access-diskurs* eller *Leiinga si Open Access-diskurs* som døme. Dette er empiriske spørsmål og hadde vore interessant å gjort forskning på.

### **3.4 Ethiske utfordringar**

*Open Access* blir ikkje sett på som eit sensitivt tema. Sensitive personopplysningar er ikkje noko som i utgangpunktet ville kome fram i intervju. Likevel har eg valt å aidentifisere personopplysningane til informantane. Det er ikkje funne nokon samanheng mellom korleis juniorane snakkar om *Open Access* og kjønn, universitet eller andre identifiserande faktorar. Difor har eg ikkje sett det som naudsynt å identifisere informantane. Samstundes tar eg høgde for at informasjon som gjer at det er mogleg å identifisere fagfelt og universitetet som informantan tilhøyrar kan kome fram.

Doktorgradsstudentar er ei relativt lita gruppe innanfor kvart fagfelt ved ulike norske universitet. Dette gjer at eg ikkje kan garantera at informantane ikkje vil kunne bli identifisert. Doktorgradsstudentar blir ikkje sett på som ei spesielt sårbar gruppe. Med tanke på forskingsoppgåvene ein doktorgradstudent har i stillinga si så kan det takast for gitt at informantane har ein god forståing av kva det vil sei å signere eit samtykke til å delta.

### **3.5 Validitet**

Validitet handlar om kva grunnlag ein har for å gjera dei tolkingane ein gjer. Korleis ein tolkar datamaterialet ein har samla inn og dermed kor valid resultatet av desse dataene står fram (Thagaard, 2018, p. 189). Det viktige er at tolkingane er legitime når ein ser dei opp mot

informasjon ein har tileigna seg av det ein har studert. Validiteten blir styrka dersom ein er kritisk i analyseprosessen. Utgangspunktet skal vera at det er dokumentasjon for all tolking av data. Særs viktig fordi den vitenskaplege tolkinga blir vurdert med utgangspunkt i at alle tolkingar som kjem fram i teksten har ei grunngeving (Thagaard, 2018, p. 189).

Validiteten til ei studie kan bli argumentert for eller i mot ved å setja resultatata av den opp mot resultat av andre studiar. Det vil styrkja validiteten dersom andre studiar kan stadfeste kvarandre (Thagaard, 2018, p. 191). Det hender at tolkingar frå ulike studiar som er skrive om same tema ikkje stadfestar kvarandre så må ein som forskar argumentera på ein over. Dersom tolkingar frå fleire ulike studiar om same tema ikkje bekreftar kvarandre er det naudsynt at forskaren argumenterar på ein overbevisande måte for kvifor tolkingane avviker frå andre studie sine tolkingar (Thagaard, 2018, p. 192). Sidan det ikkje finnes anna sosiologiske forskning på korleis doktorgradsstudentar snakkar om *Open Access*, har eg ikkje høve til å samanlikna studiar.

### **3.6 Reliabilitet**

Reliabiliteten på den andre sida handlar om i kva grad forskinga er påliteleg. Her kjem spørsmålet om forskinga er gjennomført på ein måte som er både tillitsvekkjande og påliteleg fram (Thagaard, 2018, p. 187). Omgrepet validitet blir ofte nytta i kvantitativ forskning og her refererer det til om ein anna forskar vil komme fram til det same resultatet som ein sjølv ved å nytte seg av dei same metodane (Thagaard, 2018, p. 187). Utgangspunktet for omgrepet reliabilitet er repliserbarheit som vil sei at dei same resultatata vil gjenta seg ved seinare forskning.

Forskaren gjer greie for datautviklinga gjennom heile forskingsprosessen for at forskning skal vera reliabel (Thagaard, 2018, p. 188). Det handlar om at forskaren må visa på ein kritisk måte verdien av resultatata i forskinga. Det vil hjelpe at å gjera forskinga transparent og ein måte å gjera forskinga transparent er å tydeleg vise tydeleg kva som er «primærdata» og kva tolkingar som er forskaren sine egne (Thagaard, 2018, p. 188). Primærdata eller empirien i

dette masterprosjektet er dei direkte sitata frå informantane, medan skildringar av sitata og korleis sitata er analysert er mine eigne tolkingar av datamaterialet.

Tolking er svært sentralt i ein diskursanalyse, dette er noko som avgrensar reliabiliteten når det gjeld å kunne etterprøve forskingsresultat (Bratberg, 2017). Innanfor samfunnsvitskap er dette med å kunne etterprøve forskingsresultat er omstridt, fordi sosiale fenomen ikkje kan vera uendra og statiske over tid (Skrede, 2017). Eg vil likevel hevda at sidan empirien er relativt homogen, det vil seia at informantar for ulike fagfelt og universitet stort sett var opptatt av dei same tematikkane knytta til *Open Access*, kan ein anta at andre forskarar truleg vil sjå noko av det same som eg har identifisert i mi studie.

#### **4 Diskursanalyse**

I kapittel 3 Metode og forskingsdesign har eg gjort greie for dei metodiske vala i masterprosjektet, samt vist kva diskursar som er identifisert. I dette kapittelet, kapittel 4 skal eg gjera greie for diskurs, diskursanalyse og Hall sine 6 element frå Foucault som kan nyttast for å identifisere ein diskurs. I dette masterprosjektet skal diskursanalyse nyttast som analyseverktøy. Fordi det språklege er gjennomgåande i dette masterprosjektet så har diskursanalyse blitt nytta til å få betre innsikt i korleis informantane snakkar om *Open Access*. Det er gjennom språket kan ein og identifisera kva maktaspekt ligger i diskursane. I det språklege kjem det fram korleis juniorane plasserer seg, dermed kva posisjon dei snakkar frå. Dette er med å gje eit innblikk i kva maktposisjon dei har som doktorgradsstudent i akademia og korleis dette påverkar korleis dei snakkar om *Open Access*. Eg skal ved å nytte ein diskursanalyse til å identifisere tematiske diskursar for å svara på problemstillingane: *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access?* og *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?*

For å kunne gjere dette vil eg gjere greie for kva ein diskurs er, kva er diskursanalyse er og kva 6 element Hall fann hos Foucault for å identifisere ein diskurs. Det finnes fleire ulike retningar innanfor diskursanalytiske landskapet. Eg har hovudsakleg tatt utgangspunkt i Foucault sine diskursanalyse og nytta meg av det kritiske blikket i kritisk diskursanalyse.

Difor har eg ikkje nytta meg av ein spesifikk retning i analysen av *Juniorane sin Open Access-diskurs*, men nytta meg av element frå både Foucault sin diskursanalyse og kritisk diskursanalyse.

*Ein diskurs* er ein kollektiv verkelegheitsoppfatning som blir oppretthalde og endra gjennom språk og mogleggjer sosial handling (Bratberg, 2017, p. 188). Handling i form av sosial praksis er ikkje berre ein konsekvens av ein spesifikk verkelegheitsoppfatning, det kan og bli sett på som ein grunnleggande del av ein diskurs (Bratberg, 2017, p. 188). Det vanleg å analysere tekst diskursivt, som til dømes talar, kronikker eller offentlege dokument. Men det er ikkje berre tekst som kan analyserast diskursivt, andre kulturelle produkt kan analyserast ved hjelp av diskursanalyse (Bratberg, 2017, p. 189). I denne studien har eg gjort ei diskursanalyse av munnleg datamateriale.

Diskursanalyse fortel noko om forholdet mellom språket og samfunnet, i dette tilfelle juniorar i academia og fenomenet *Open Access*. Diskursar vert ofte nytta til å diskutere det politiske og det sosiale. *Open Access* er frå forskarsamfunnet si side ein villa politikk, og dermed er det og eit politisk fenomen i academia og forskarsamfunnet både på eit nasjonalt og eit internasjonalt nivå.

#### **4.1 Arkeologien og geneologien**

Michel Foucault er rekna som grunnleggaren av diskursanalysen og denne var noko av det største han bidrog med i sosiolog. Sjølv definerte han diskurs som:

«[...] The term discourse can be defined as the group of statements that belongs to a single system of formation: Thus shall be able to speak of clinical discourse, economic discourse, the discourse of natural history [...]». (Foucault, 1972, s. 207) Diskursomgrepet var for Foucault eit system som han satte språk inn i, nettopp for å vise at noko innanfor eit gitt felt var snakka om på ein spesifikk måte. Dermed kan ein sjå at det er ein måte å kategorisere språket innanfor bestemte tematikkar eller diskursar. Ein diskurs er likevel noko meir enn berre ein tematikk, fordi det er ein meningsytring, ei utveksling av

spesifikke kulturuttrykk på spesifikke felt over tid. Dermed kan det etablere seg eit sett med kodar eller mønstre i korleis noko blir snakka om.

Foucault delte diskursanalysen ofte opp i to delar, nettopp geneologien og arkeologien (Davidson, 2009). Med dette meinte han at geneologien handlar om korleis fortida si fortolking påverkar notida sine oppfatningar. Arkeologien på si side handlar om kva utsegn som kan akseptast som meiningsfulle innanfor ein gitt historisk tidsperiode. I arkeologien, definerer Foucault ein diskurs både som «*Practices that systemically form the objects of which they speak*» (Foucault, 1989) og som “*Archeology describes discourse as practices specified in the element of the archive*” (Foucault, 1989, p. 131).

I følge Foucault produserast kunnskap gjennom diskursar åleine (Foucault, 1996) (Foucault, 1999). Dermed vil diskursar produsere, reprodusere, rekonstruere og definere den kunnskapen me innehar. På denne måten kan ein sjå at ein språkleg skildring ikkje berre er ein objektiv skildring av ein ting, men ein aktiv handling. Dette er ein aktiv handling i den forstand at korleis ein snakkar om noko er noko ein tar eit val om å gjere. Dermed blir verkelegheita skapt av oss gjennom språket. Me kan heller ikkje forstå verkelegheita utan å ha nettopp eit språk å skildra den med. Om skildringa av verkelegheita vert endra, så vil og vår forståing av den endrast og då blir verkelegheita og endra. Diskursomgrepet skal nyttast som eit analyseverktøy som gjer at det er eit høve for å gjera ein analyse av juniorane i academia si verkelegheit om *Open Access*.

Diskursar kan bli uttrykt både i det som ikkje vert sagt og i det ikkje-verbale i åtferd og i institusjonar. Dermed vil ein med ein diskursanalyse ha høve til å finne mønstre og kodar i korleis *Open Access* vert snakka om av ferske forskarar.

## **4.2 Diskurs, normer og kodar**

I Aakvaag (2008) står det at diskurs ein måte å snakka om ting innafor bestemte normer, der det er kodar for kva ein kan sei og kven ein kan sei kva til (Aakvaag, 2008). Dermed kan ein sjå at eit mål for ein diskursanalyse er å utforska nettopp desse normene og kodane som ein finn i ein kvar diskurs og på den måten finne ut kva som regulerer og kontrollerer desse

diskursane (Aakvaag, 2008). Kva normer og kodar det nyttast av juniorar i akademia til å snakka om *Open Access* skal eg gjere greie for i kapittel 5 Empiri, analyse og drøfting.

I ein diskursanalyse vil ein kunne analysere kva me oppfattar som kunnskap, og dermed kva me oppfattar som sanning. For å belyse korleis Foucault satt sanning i system med makt, vil eg vise til sitatet av han i «Sannhet og makt», eit intervju han gjorde i slutten av 70-talet.

«Truth» is to be understood as a system of ordered procedures for production, regulation, distribution, circulation, and operation of statements. [...] “Truth” is linked in a circular relation with systems of power which produces and sustain it, and to effects of power which it induces and which extends it. A “regime” of truth.” (Rabinow, 1984)

Slik kan ein sjå korleis Foucault meinte at makt og sanning var nært knytta saman. Dermed er det mogleg ved å identifisere diskursar om *Open Access* seie noko om kva maktspekt det er i diskursane og kva som er ein etablert sanning i *Juniorane sin Open Access-diskurs*.

Diskursane er det som gjer at den fysiske verda får mening og gjev aktørane tilgang på verkelegheita. Diskursanalysen til Foucault er basert på eit sosialkonstruktivistisk premiss som vil seia at kunnskap og sanning er ein sosial konstruksjon og difor eksisterer det ikkje noko kunnskap som er objektiv. Dermed fungerer dette som ein sirkel der aktørane skapar den sosiale verda, institusjonane og verkelegheita. Dette skjer samstundes som den skapte verkelegheita skapar aktørane. Verkelegheita og aktørane er i ein evig sirkel og utvikling. Den kunnskapen me har om omverda er avhengig av den kulturelle og den historiske konteksten me finn oss sjølve i.

Diskursar vil alltid vere historisk betinga og i ulike historiske tidsperiodar vil det bli produsert ulike diskursar. Det har i seinare tid vokse fram ei semje mellom diskursanalytikarar om at det kan eksistera meir enn ein dominerande diskurs om gangen. Dette står i kontrast til at Foucault peika på at det berre var ein dominerande diskurs i ein tidsperiode. Dei same omgrepa kan tildelast ulik mening i dei ulike tidsperiodane. Sjølv om skildringane av ein

diskurs kan likna på skildringane i ein anna diskurs er det ikkje dermed gitt at diskursane er *like*. Ein diskurs kan ikkje overførast til ein annan diskurs, sjølv om blir skildra som like.

Kritisk diskursanalyse har sitt utspring frå Foucault sin diskursanalyse, men skapar noko rammer som eg meiner at gjer det enklare å nytta som eit analyseverktøy. Samstundes er det utvikla til å vera eit meir ideologikritisk og samfunnsretta prosjekt. I kritisk diskursanalyse er diskursiv praksis hevda å skapa og reprodusera ulikskap i maktforhold mellom sosiale grupper – til dømes mellom klassar, mellom kjønn, etniske minoritetar og majoriteten i eit samfunn (Jørgensen & Phillips, 2010, p. 63). Kritisk diskursanalyse har ei sentral oppgåva i å visa korleis politiske strategiar inkluderer diskursive element. Strategiar som inkluderer framtidsidear om korleis ting kan bli, og narrative element som fortolkar. Dette forklarar og rettferdiggjør visse handlingsval i fortid, notid og framtid (Skrede, 2017, p. 43). For å kunne analysere *Open Access* så må ein sjå det politiske perspektivet takast med. Difor er temaet for dette masterprosjektet eigna til å nytte diskursanalyse på. Det er og eit historisk og framtidselement i *Open Access* fordi ein må sjå temaet i samanheng med oppstarten, utviklinga og kva retning academia vil føre for ein framtidig *Open Access* politikk.

Kritisk diskursanalyse er meint å generere kritisk samfunnsforskning, det vil sei forskning som bidreg til å rette opp i urettferd og ulikskap i samfunnet (Jørgensen & Phillips, 2010, p. 77). Mellom verda og vårt grep på verda kjem representasjonane av verda (Neumann, 2021, p. 30). For å skapa mening, bringast dei modellane ein allereie har lagra til bruk og sanseintrykka blir presentert for den sansande i desse modellane. Samstundes kan ein sei at modellen sjølv dermed representert, i tydinga blir etablert i sosial praksis. Desse «modellane» det er snakk om her, er sosialt reproduserte fakta, desse kan ein kalla for representasjonar.

Representasjonane er ting og fenomen på den måten dei står fram for oss, så ikkje tingen seg sjølv, men er silt gjennom det som skjer mellom oss og verda som er blant anna språket og kategoriane (Neumann, 2021, p. 31). Representasjonar er ei nemning på noko av det viktigast pakkane eit verkelegheitskrav som ein diskurs består av. (Neumann, 2021, p. 31).

Representasjonar må fremjast om igjen og om igjen, dei er ikkje garantert gyldigheit av den diskursen dei er med på å forma. Diskursar kan gjenta, eller den kan har støre eller mindre variasjonar. Når berarar av same representasjon er institusjonaliser, utgjer dei ein posisjon i diskursen (Neumann, 2021, p. 31).

For å praktisk identifisere ein diskurs har eg valt å nytta meg av *Hall sine 6 element hos Foucault*. For å identifisere ein diskurs så må ein ta utgangspunkt i kva som skal til for at noko skal kunne bli identifisert som ein diskurs. Dette har Hall satt fokus på ved å ta for seg seks element som Foucault nytt i sine verk (Hall, 2001). Desse elementa skal nyttast for å identifisera diskursar i *Juniorane sin Open Access-diskurs*. Nedanfor har eg gjort greie for elementa på ein måte som tydeleggjer ein framgangsmåte som er mogleg å nytta for å identifisera ein diskurs:

- 1) Ein identifiserer utsegn som gjev oss sikker kunnskap om det som ein undersøker.
- 2) Ein identifiserer spelereglar og mønstre om det ein undersøker, ein identifiserer korleis ein kan snakka om det, samt ekskluderer korleis ein ikkje kan snakka om det ein undersøker.
- 3) Ein identifiserer institusjonelle praksisar.
- 4) Ein identifiserer kva autoritetar som konstruerer sanningane og legitimerer kunnskap.
- 5) Ein identifiserer skildringar frå subjekt som personifiserer fenomenet som er i samsvar med korleis kunnskap om fenomenet er konstruert.
- 6) Ein erkjenner at ein diskurs vil kunne oppstå i andre tidsperiodar og erstatte den eksisterande diskursen og at det dermed vil kunne vera andre diskursar som dominerer (Hall, 2001, pp. 73-74).

## **5 Empiri, analyse og drøfting**

I dette kapitlet, i kapittel 5 skal det gjerast greie for empiri, analyse og drøfting.



Problemstillingane: *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access?* og *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?* skal belyst. I kapitlet 5.1 Empiri og analyse skal problemstillinga *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access?* belyst. Dette skal gjer ved å analysere det munnlege datamateriale og som tidlegare nemnd identifisert tre tematiske diskursar innafor *Juniorane sin Open Access-diskurs: Viktigheita av tilgjengeleg forskning-diskursen, Tellekantdiskursen og Røvardiskursen*. I kapittel 5.2 Drøfting skal problemstillinga: *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?* belyst ved å nytta perspektiva *Marknadsmetaforar i akademia* og *Spelereglane for juniorar i akademia*. I dette kapitlet skal eg sjå om mine funn samsvarar med tidlegare forskning og tydeleggjer kvifor det trengst meir sosiologisk forskning på grupper i akademia sin oppleving av *Open Access*. Kapittel 5.1 Empiri og analyse er grunnlaget for kapittel 5.2 Drøfting.

## 5.1 Empiri og analyse

Noko av det som gjer det interessant å sjå på er kva doktorgradsstudentar trekker fram kva dei legg vekt på og korleis dei skildrar *Open Access*. Me har høyrte lite frå doktorgradsstudentar som gruppe om fenomenet *Open Access*. Dei tre diskursane er eit resultat av mi tematisering av korleis informantane snakka om *Open Access*. Dei tre tematiske diskursane er ikkje gjensidige utelukkande, og fleire stadar kryssar dei over i kvarandre. Eg har likevel kategorisert dei som tre separate diskursar, sjølv om det ikkje har vore mogleg å halde dei heilt adskilt i analysen. Kva juniorane har tatt opp og kva dei legg vekt på innanfor temaet *Open Access* har vore avgjerande for kva diskursar som kunne bli identifisert.

I masterprosjektet utforskar eg *Open Access som fenomen*, eg har som nemnd identifisert tre tematiske diskursar ut ifrå kva juniorane i akademia var opptatt når det gjaldt temaet *Open Access*. Diskursane er a) *Viktigheita av tilgjengeleg forskning diskursen*, b) *Tellekantdiskursen* og c) *Røvardiskursen*. *Viktigheita av tilgjengeleg forskning diskursen* er den synlegaste og den mest sentrale diskursen identifisert i datamaterialet. *Tellekantdiskursen* og *Røvardiskursen* viser to andre sider av *Open Access*. Alle juniorane eg intervjuar snakka om viktigheita av tilgjengeleg forskning både til fagfellar og «folk flest».

I tillegg nytta dei fleste omgrepet tellekanttssystemet og snakka om at det påverka fleire aspekt av deira arbeidskvardag i akademia. Fleire meinte at det kunne tenkast at tellekanttssystemet og *Open Access*-politikken i realiteten motverka kvarandre. Her fann eg eit skilje mellom dei som var tilsett på mellombelse kontraktar og dei to som allereie hadde fast jobb ved eit universitet. Dei to med fast jobb tok ikkje opp aspektet med tellekanttssystemet, og det kan tenkast at det rett og slett ikkje var relevant for dei å knytte det til *Open Access* fordi dei ikkje var avhengig av å landa neste jobb for å bli verande i akademia. *Røvardiskursen* var minst utbreidd. Det var eit par informantar som tok opp dette temaet som eg har samla under omgrepet Røvartidsskrift, sjølv om dei snakka om uærlege tidsskrift og falske tidsskrift.

Samanhengen mellom diskursane *Viktigheita av tilgjengeleg forskning*, *Tellekanttssystemet* og *Røvardiskursen* er kanskje ikkje innlysande. Likevel representerer dei tre ulike tematikkar knytta til *Open Access*. Fokuset på kvifor tilgjengeleg forskning var viktig, korleis tellekanttssystem innverkar på korleis dei snakkar om *Open Access* og korleis røvartidsskrift og *Open Access* heng saman. Det var ingen tvil om at *Viktigheita av tilgjengeleg forskning* var den tydelegaste diskursen. Flest utsegn blei identifisert innunder og kan tyde på at det var den diskursen som juniorane sjølv synast var viktigast. Dette var noko alle snakka om.

*Tellekanttssystemet* refererer til eit system som alle fagpersonar som produserer forskning i akademia må forholde seg til. Dette systemet legg opp til at forskarar og forskingsinstitusjonar skal vektlegge kvantitet i forskingsproduksjon. *Røvardiskursen* har tilknytning både *Viktigheita av tilgjengeleg forskning* diskursen og *Tellekanttssystemet* ved at forskning har eit kvalitetsstempel for å kunne kalle det forskning. Fagfellevurdering er det kvalitetsstempelet som vert nytta når ein publiserer forskingsartiklar. Røvartidsskrift er eit fenomen som potensielt undergrev kvalitetssystemet med fagfellevurdering. Det kan likevel vera vanskeleg å definere kva tidsskrift som fell under kategorien røvartidsskrift eller som er i ein gråson mellom anstendige og mindre anstendige tidsskrift.

Mitt utgangspunktet for masterprosjektet var å undersøkje korleis *Open Access* handla om tilgjengeleggjering av kunnskap ved å gjera tilgangen til forskning gratis. Eg hadde ein tanke

om at *Open Access* var demokratiserende. *Viktigheita av tilgjengeleg forskning-diskursen* seier noko om korleis doktorgradsstudentane i studien opplever forholdet mellom demokrati og *Open Access*. Her kan ein sjå at det at det vert argumentert for at tilgjengeleg forskning for fleire er noko som gjev makt til fleire enn dei som har tilgang til forskning bak betalingsmur gjennom til dømes eit universitet. Tilgjengeleg forskning er viktig fordi det er med på å fordela kunnskap og dermed makt (for dei som kan nytte seg av kunnskapen) på fleire hender.

I denne diskursen om viktigheita av tilgjengeleg forskning blir det tatt opp kor vidt forskning faktisk er tilgjengeleg for fleire gjennom *Open Access* ved å sjå på kven forskinga er til for, konsekvensane av «fake news», viktigheita av forskingsformidling og kva grupper som står utan tilgang til gratis forskingsartiklar. Dermed kan diskursen sjåast som den positive sida ved *Open Access*.

Baksida i *Open Access* vil eg belysa i *Tellekantdiskursen* under delkapittelet *Tellekantsystemet i norsk akademia*. Tellekantsystemet er eit dokumentasjonssystem i norsk akademia som premierer med publikasjonspoeng etter kor gode tidsskrift forskarar har fått publisert i (UHR, 2004). I intervjuet har det kome fram bekymringar for at tellekantsystemet bidrar til å hindre at forskarar vel å publisere i *Open Access* tidsskrift. At det er fare for lågare kvalitetssikring ved *Open Access* enn andre tidsskrift og at tidspress og forfattarbetaling spelar negativt inn på å publisera *Open Access*. Dermed kan ein sjå at i *Tellekantdiskursen* så uttrykker forskarane bekymring for om dei har råd eller høvet til å publisere i *Open Access* tidsskrift fordi dei er nøydd til å ta høgde for at dei opererer under det norske tellekantsystemet. Det kjem fram i diskursen at forskarane opplever at det tar frå dei makt til å velja å publisere nettopp *Open Access*.

Til slutt vil eg ta med det eg har valt å kalla ei skuggeside av *Open Access*, *Røvardiskursen* i delkapittelet *Røvartidsskrift*. Dette fordi uærlege tidsskrift eller røvartidsskrift blir sett på som ein direkte konsekvens av at *Open Access publisering* har blitt meir og meir vanleg. Det finnes ei økonomisk makt i det at desse tidsskrifta greier å lura til seg pengar frå seriøse forskarar. Samt det at det eksisterer eit system som gjer at nokre forskarar ikkje ser noko anna høve til å publisera forskning enn å gjere det i desse «useriøse» tidsskrifta. Det er med å oppretthalde maktstrukturane som gjer at røvartidsskrifta har eit eksistensgrunnlag. Mangel på

økonomiske midlar til forfattarbetaling til *Open Access publisering* blir sett på som ein av dei sterkaste argumenta for at forskarar bevisst vel å publisere i desse røvertidsskrifta.

For å belyse maktaspektet i desse tematiske diskursane har eg valt å sjå på juniorane og korleis dei posisjonerer seg uttrykt i korleis dei snakkar om *Open Access*. Dette seier noko om kva sett med spelereglar juniorane har i akademia. Korleis desse spelereglane tek form i deira *Open Access diskursen* vil eg nytte *Hirschman sin teori om handlingsval* for å analysere. Denne posisjoneringa som er tydeleggjort er med å sjå på kva handlingsval som er tatt innanfor mogleiksrommet som finnast kan ein analysere i alle dei tre ulike tematiske diskursane.

Dermed skal eg i utsegnene og i dei tre tematiske diskursane sjå på kva spelereglar det er for juniorane i akademia ved å sjå kva av handlingsvala *exit*, *voice* og *loyalty* som vert uttrykt i det språklege. Eg skal sjå korleis *Spelereglar for juniorar i akademia* og *Hirschman sin teori om handlingsval* viser ulike sider ved *Juniorane sin Open Access-diskurs*.

Det politiske ved utdanningsinstitusjonane som juniorane er tilsette ved er noko dei blir påverka av kvar einaste arbeidsdag. Difor kan eg ved å analysere korleis juniorane posisjonerer seg til *Open Access* politikken deira arbeidsstad fører ved å sjå på kva handlingsval som blir uttrykt i utsegna og diskursane. Eg skal gjere greie for om eg finn handlingsvala *exit* (tre ut av rolla), *voice* (protesterer) eller *loyalty* (trer inn i den ferdigsydde rolla) i korleis dei snakkar om *Open Access*. Mogleiksrommet juniorane tar desse handlingsvala ut ifrå kan tenkast å ha samband med posisjonen som nedst i hierarkiet i akademia og dei identifiserte marknadsmetaforane, fordi juniorane er ein del av den bedrifta og marknaden som produserer forsking og kunnskap som akademia er.

Deira eigen forståing av rolla si som doktorgradsstudent og junior i akademia kjem til syne i handlingsvala, og dermed i kva grad dei legitimerer *Open Access politikk* som systemet dei høyrar til fører. Dette igjen fører til at ein kan sjå at ved sjølv publiseringsprosessen, kva mogleiksrom juniorane har påverkar fleire ting. Det har innverknad på om juniorane tek val

om å publisere sine eigne forskingsartiklane *Open Access* med forfattarbetaling eller i eit kommersielt tidsskrift bak betalingsmur.

Noko av det som avgjer kva handlingsval dei vel er deira eigen forståing av rolla som doktorgradsstudent, kva *Open Access* politikk universitet dei er tilsett ved fører og kva mogleiksrom dei har til å publisere forskning innanfor. Ved å trekka inn *Hirschman teori om handlingsval* i analysen gjev eit høve til å sjå kva makt som ligger i spelereglane som juniorane har i handlings- og mogleiksrommet sitt. Spelereglane er strengare og handlingsrommet meir avgrensa dersom dei ynskjer å arbeide vidare med forskning og henge med i akademia. Makta som finnast i spelereglane kjem fram i språket juniorane har nytta om *Open Access*. Makta som finnast i spelereglane er påverka av fleire aspekt, deriblant posisjonen som junior og nedst på hierarkistigen og *Open Access* politikken junioren er tilsett ved.

### **5.1.1 Viktigheita av tilgjengeleg forskning (den positive sida ved Open Access)**

*Open Access*-publisering er eit verktøy å gjera forskning tilgjengeleg på i form av at det gjer forskning ope og gratis tilgjengeleg for lesarane. I denne diskursen er hovudargumentet at *Open Access* er viktig fordi det bidrar til å gjere forskning tilgjengeleg for alle. *Open Access* vert av informantane i stor grad likestilt med tilgjengeleg forskning og snakka om som noko som er udelt positivt for forskarar og for samfunnet.

Ein av informantane definerte si forståing av omgrepet *Open Access* som:

«Eg legger i omgrepet [Open Access] at det er ope tilgjengeleg for *alle*, at du ikkje trenger å vere i akademia for å få tilgang på ein forskingsrapport og med open tilgang meiner eg gratis. Det er jo tilgjengeleg viss du må betale deg inn.» (Informant nr 3)

I denne diskursen er det i stor grad nytte omgrep som ope, gratis og tilgjengeleg. Det er brukt positivt lada ord om *Open Access* og informantane snakkar om fenomenet som om det er

strengt naudsynt og eit behov, snarare enn eit gode. Eg har identifisert eit maktaspekt i korleis ein nyttar språket til å legitimera viktigheita av *Open Access* og i denne diskursen vert det i liten grad tatt opp eventuelle problem ved fenomenet. Det er og i stor grad fokusert på at forskning er noko samfunnet i sin heilskap *bør og skal* ha tilgang på. Dette fordi alle informantane snakka om *Open Access* på denne måten, det er den som er mest sentral i datamaterialet, og eg har identifisert den som ein dominerande diskurs. Det er og den diskursen som juniorane vil har fram i ljuset, på grunn av høvet *Open Access* gjev til samfunnet ved å tilby open forskning som er tilgjengeleg for alle.

Ein finn og at når juniorane snakkar om *Open Access* i *Viktigheita av tilgjengeleg forskning diskursen*, vel dei handlingsvalet *loyalty*. Dei er lojale mot den *Open Access* politikken som universitetet dei er tilsett med førar. Ved å likestille *Open Access* med tilgjengeleggjering av forskning kan ein forstå det som juniorane trer inn rolla som er ferdigsydd og forventta av dei som doktorgradsstudent i akademia. Sjølv om juniorane følger spelereglane og vel handlingsvalet *loyalty*, stiller dei likevel spørsmålet om kven forskinga blir produsert for.

«Eg veit jo at det er blitt eit krav, eg er jo stipendiat, og eg har skjønt at det kostar pengar å publisera *Open Access*, men det har eg høve til å søkje støtte til frå universitetet. For meg er det [Open Access] ein fordel i alle fagfelt for det [forskning] blir jo meir tilgjengeleg og ein er slepper å betale.» (Informant nr 6)

Hjå denne junioren kan eg sjå handlingsvalet *loyalty* ved korleis ho viser til fordelane ved å støtte *Open Access* politikken som universiteta og regjeringa fører. Junioren viser og at det at det kostar pengar å publisere *Open Access* er noko universitetet tar høgde for og difor har ho høve til å søkje økonomisk støtte til forfattarbetaling for å kunne publisere forskinga *Open Access*. Ein annan junior trekker konklusjonen om at forskning og stillingar i akademia er offentleg finansiert. *Open Access* ein måte å gje tilbake til samfunnet på fordi skattebetalarane har finansiert forskinga:

«Eg jobbar jo på eit universitet kor lønna mi på ein måte finansierast offentleg. Det er skattebetalarane som står for det, så tenker eg at *Open Access* er ein måte å gje dei igjen, gje dei tilgang til forskinga som eg og andre produserer utan at det skal koste noko, at ein ikkje trengjer å abonnere på eit tidsskrift og slikt.» (Informant nr 6)

I sitatet nedanfor finn eg argument om at det er viktig at alle skal ha tilgang til forskinga fordi forskinga junioren driver med er noko som er aktuelt og angår alle. Dermed aktualiserer junioren sin eigen forskning og meiner at fordi forskinga hennar har betydning for alle og det er viktig at dei har tilgang til forskinga.

«Eg syns det er viktig at folk skal få tilgang til resultatane, for dei forskar på ting fordi ein er interessert i å vita meir. Slik som mitt fagfelt som er mat og ernæring, folk er ekstremt opptatt av det, for det er noko som angår alle.» (Informant nr 6)

For mange er motivasjonen for å forske samfunnsnyttig forskinga har. Ein grei måte å gjera forskning samfunnsnyttig på er å publisere den open. Mange juniorar uttalar at dei er audmjuke ovanfor samfunnet som har betalt deira doktorgradsstilling gjennom skatten og at det difor er viktig at forskinga kjem samfunnet til gode.

«Som stipendiat så er lønna di betalt av staten. Det er staten som har gitt meg denne jobben og eg har høve til å bidra til noko samfunnsnyttig. Om det er innan helseforskning, samfunnsforskning eller barnehageforskning så skal det vera samfunnsnyttig på eit vis, eller på ein eller annan måte. Det skal komme tilbake til samfunnet, er sikkert mange måtar å få det ut i samfunnet på, men kanskje den lettaste og viktigaste delen er å få publisert det. Ein har ansvar for å gje det tilbake til samfunnet, når dei har gitt meg den utdanninga, gitt meg den jobben og bedt meg forske på dette området her. Når dei har gitt meg ei oppgåve så har eg eit ansvar å gje tilbake til feltet og særleg no som eg er barnehagelærer sjølv og, så har eg eit ansvar

for å gje tilbake til mitt område. Det er kanskje den viktigaste grunnen til å publisere. Samstundes kan ein gje tilbake til samfunnet ved å stå på nyheitene og fortelje om kva det er ein gjer, ein kan fortelje om det på andre måtar utanom publisering, men å publisere er kanskje den enklaste måten å få det ut på.» (Informant nr 8)

Juniorar fremja at den demokratiske og akademiske fridom er noko av det som gjer at det det er svært viktig at forskning ikkje blir ståande bak ein betalingsmur som folk ikkje har pengar til å betala for. Dette kjem tilbake til eit fokus på ein fridom til å kunne lesa forskning og nytte den uansett kor ein kjem i frå, om ein har ein fot innanfor academia eller ikkje.

«Ein kan stille seg spørsmålet om det er demokratisk viss det ikkje er tilgang. Eg syns det ligger implisitt i det. Fridom står veldig høgt i eit demokrati og at alle skal på ein måte få høve til å delta. Så kan ein spørje seg sjølv om det er demokratisk å ha forskning bak lukka murar, bak lukka betalingsmurar. Med Open Access så blir det meir demokratisk.» (Informant nr 8)

Ein sentral påstand i *Viktigheita av tilgjengeleg forskning diskursen* er at *Open Access* i seg sjølv er ein viktig del av forskinga å få kommunisert forskinga både til fagfellar og til «folk flest». Fleire la vekt på at forskinga burde vere tilgjengeleg for alle, og argumenterte med at det aller meste av forskning var offentleg finansiert så det fungerte som ein måte å gje tilbake til samfunnet på. Argument som at *Open Access* publisering var det *rette* å gjera kom fram, fordi det å publisere *Open Access* ville gje tilgang til fleire enn ein «elite».

«Det at ting ikkje er Open Access er eit dilemma, eller er etisk vanskeleg fordi det [forskning] er finansiert av folk som ikkje har tilgang til det. Men så er det og eit kjempeproblem at brukargrupper som du produserer kunnskapen for, ikkje har tilgang til kunnskapen.» (Informant nr 3)



Argumentet med at forskning i stor grad er finansiert av skatten folket betalar inn til staten og dermed gjev alle *rett* på tilgang, kan forståast som om akademia har eit *ansvar* for å tilby tilgang. Dette er eit argument som har gått igjen i denne diskursen. Ei vanleg oppfatning i samfunnet er at det ein har funne gjennom forskning er det som er sant. Og når forskning er det same som sanninga og dermed blir den gjengse oppfatninga at forskinga består av store vitenskaplege gjennombrøt. Om «sanninga» vert halden tilbake for «folk flest» då er dette ein trussel mot demokratiet. Tar ein utgangpunkt i Foucault sitt syn på sanning, med å forstå det som eit system som er forbundet med maktsystemer som produserer den og opprettheld den (Davidson, 2009). Viss dette stemmer, at forskning blir assosiert med det som er sant, så ser ein tydeleg at systemet som gjev ut forskning, i mange tilfelle akademia i stor grad har makt og legitimitet i å hevda at viktigheita av forskning gjer at det er ein trussel mot demokratiet å ikkje tilby *Open Access*.

Spørsmålet om kven ein skriv forskning for er sentralt i *Viktigheita av tilgjengeleg forskingdiskursen*. Det er ulike syn på om formidling til «folk flest» kan reknast som *Open Access* av juniorane, men det som kjem fram er eit sterkt argument om at forskning publisert i *Open Access* tidsskrift bør veljast på grunn av «folk flest». Dermed kjem det fram eit argument om at det er dei som har større vanskar med å forstå forskinga fordi den er skriven med fagterminologi og på eit fagspråk er hovudargumentet til å publisere *Open Access*.

Junioren peikar på i sitatet under korleis det akademiske språket er nyttig og naudsynt i akademia, men kan vera vanskeleg eller tilnærma umogleg å forhalda seg til for utanforståande. Dette er kanskje ein av dei sterkaste argumenta for at forskingsformidling og publisering via *Open Access* ikkje er den same tingen. Ein kjem då inn på at *Open Access* blir sett på som ein form for forskingsformidling, men at ein i større grad har behov for ein forskingsformidling til «folk flest» og samfunnet elles med eit språk som det ikkje tar mykje øving i å forstå.

Denne informanten peikar på korleis det akademiske språket er nyttig og naudsynt i akademia, men eit slikt språk kan vera vanskeleg eller tilnærma umogleg å forhalda seg til for

utanforståande. Sjølv om informantane snakka om *Open Access* som ein mogleg kanal for å formidle forskning til «folk flest» var dei heilt klare på at forskingsformidling og publisering via *Open Access* ikkje er den same tingen. *Open Access* blir sett på som ei form for forskingsformidling. I tillegg har ein behov for ein forskingsformidling til «folk flest» og til samfunnet i eit språk som det er enkelt å forstå.

Juniorane peika på at det akademiske språket både er eit viktig aspekt i formidlinga av forskingsresultat og forskingsartiklar til fagfellar, men som samstundes er eit hinder ved forskingsformidling til samfunnet elles. Viss forskning reelt sett skal vera tilgjengeleg for alle, så held det ikkje med *Open Access*. Det er eit behov for meir populærvitenskapleg formidling eller formidling på eit språk folk forstår.

«På ein måte kan ein kalle det populærvitenskaplege som ein type *Open Access*, men så kan eg kanskje skjønne det dei på den andre sida har meint, *Open Access* tyder berre at dine reine forskingsfunn skrive på dette spesifikke språket skal vera tilgjengeleg for allmennheita, det skal vera fri tilgang. Når du oversett det til eit meir populærvitenskapleg språk så kan ein spørje om det er noko som blir vekke i den oversettinga. Det er det som er litt viktig med det akademiske språket, det er veldig presist. Og det er kanskje det som kan vere ganske forvirrande for mange som ikkje er vant med det type språk.» (Informant nr 8)

Ein anna aspekt som er med i *Viktigheita av forskning-diskursen* er fokuset informantane hadde på «fake news». Det er i denne diskursen etablert at «sanninga» er at forskning må ut til samfunnet. Den må gjerast tilgjengeleg. Motsatsen til det som er sant er det som er falskt. Alternativet til at folk skal tru på og ta til seg forskning vil vera falske nyheiter.

«... Det andre er sjølvsagt nyheitsverdien, me [akademia] er ei statsmakt på eit vis, som alle burde ha tilgang til. I den grad dei forstår det, burde dei kunne lesa den forskinga

som blir publisert, gå etter kjeldene. [...] Det er eit kjempeproblem når ein har fake news diskusjonar og utruleg mykje faktaposter som slengast rundt i USA, men og i Norge, som ikkje nødvendigvis stemmer, som er heilt på jordet, men kor folk ikkje på ein måte kan haldast til ansvar for det, som ikkje kan etter gåast i kjeldene deira.» (Informant nr 1)

Eit sentralt argument i denne diskursen er at når fleire får tilgang til forskning vil det motverka nettopp «fake news». Juniorane har likevel peika på at det ikkje er alle som vil forstå fagspråket som vitskapleg artiklar vert skrive på. Ein kan dermed finne ei sjølvmotseiing mellom det å motverka fake news og behovet for at *Open Access* gjer forskning tilgjengeleg for «folk flest». I kjølevatnet av denne motsetninga kom nettopp viktigheita av meir rom og ressursar til forskingsformidling til «folk flest» opp.

Sitatet over og tilsvarande sitat tydar på falske nyheiter som ein trussel mot demokratiet og dei demokratiske aspekta i eit kunnskapssamfunn. Det at samfunnet risikerer at folk trur på falske nyheiter framføre vitskapleg forskning skapar enda større legitimitet til argumentet om at *Open Access* er synonymt med tilgjengeleg forskning for alle. Eit fokus på falske nyheiter som ein trussel kan bidra til å legitimera handlingsvalet *loyalty*. Trusselen «fake news» har mot «sanninga», altså forskinga, gjer at det i større grad blir sett på som viktig å vere lojal og støtte den noverande *Open Access* politikken.

Utan å vera student, vitskapleg eller administrativt tilsett ved eit universitet eller ein høgskule så er det i dag, etter inntoget av *Open Access*, ikkje open tilgang til forskingsartiklar for alle. For at folk som ikkje er ein del av desse gruppene skal ha tilgang så må forskning vera publisert *Open Access*. Det er dermed eit skilje mellom dei som er innanfor det akademiske systemet og dei som er utanfor. Det kan skildrast som ein maktubalanse fordi det er så store skilnadar til kva forskning ein har tilgang til dersom ein ikkje er ein del av det akademiske systemet.

Eit tema som kom opp i *Viktigheita av tilgjengeleg forskning* er grupper som har behov for tilgang og som ynskjer denne tilgangen til forskning. Dette gjelder blant anna påtroppande doktorgradsstudentar, og fleire av informantane hadde opplevd å vera i den situasjonen sjølv. Dei var ferdige med ein mastergrad, men ikkje tatt opp i ein doktorgradsstilling enda. Mange av informantane gav uttrykk for at det fantes grupper som har behov og ynskjer tilgang til forskning som ikkje har det. Ein konsekvens av dette meinte ein informant var eit mindre mangfaldig forskingssamfunn:

«... Det er allereie beviser på at det er folk i academia som haldast utanfor [...]. Alt som har med diversitet å gjere, både kva land du kjem frå, kva bakgrunn du har, kva økonomi landet ditt har, kva kjønn du har, alt som har med diversitet å gjere. Som gjer at me får ei mindre divers gruppe med folk som driver med forskning. Dette er negativt fordi dess meir diversitet me har dess meir inngangsmåtar har me til å tenkja på ting. Dess forskjelligare måtar tenkjar me på det, og då trur eg at forskning er best. Fordi me får fram dei beste ideane, med mest mogleg forskjellig utgangspunkt til å tenkja utanfor boksen på ein måte.» (Informant 5)

*Open Access* kan bidra til større mangfald, medan eit mindre mangfaldig forskingssamfunnet blir skissert som ein konsekvens for samfunnet som heilskap og ikkje berre for einskildpersonar. Ein kan sjå korleis homogenitet og manglande mangfald blant forskarar kan føre til at forskning ikkje blir kritisert i tilstrekkeleg grad og dermed heller ikkje utfordra på svakheitene sine. Ein konsekvens kan vera at ein vil mista spesifikke typar forskning, eller at det er forskning me burde hatt i dag som ikkje eksisterer.

Noko som var sentralt i *Viktigheita av tilgjengeleg forskning diskursen* var korleis juniorane snakka om at alle burde ha tilgang til forskning, men at det ikkje nødvendigvis ville bety at alle ville forstå den forskinga som vart kommunisert. I følgje dei fleste av juniorane burde tilgang til forskning gjennom *Open Access* noko som burde vera til stades for alle, men at juniorane visste at dei var klar over at det ikkje var slik at forskinga likevel ville vera lika tilgjengeleg

for alle. Difor kom det fram at forskingsformidling til andre delar av samfunnet enn academia var viktigare enn *Open Access* for å nå ut til folket. Ein av juniorane i forskingsprosjektet skisserte det slik:

«[...] Slik at du formelt sett har tilgang, at du kan lesa teksten utan å betale for det, tyder jo ikkje at det er direkte tilgjengeleg viss du ikkje forstår det du leser, eller at du må bruka forholdsvis mykje tid på å forstå det. Difor syns eg at formidling og det at eg tar meg jobben med å omsetja ting, både mi eiga forskning, men òg kunnskap i fagfeltet mitt er etikken med at det er skattebetalarane som eige kunnskapen. Det er viktig at den blir tilgjengeleggjort.»  
(Informant nr 3)

Fokuset på forskingsformidling markerte eit skilje hjå informantane. Då dei aller fleste omtala forskingsformidling som ein type *Open Access* og inkluderte formidlingsaktivitetar i sjølve omgrepet *Open Access*. Medan ein junior meinte at *Open Access publisering* og forskingsformidling var to heilt ulike ting.

«Nokon gongar opplever eg at Open Access diskursen likestiller samfunnsmedverknad med konsum, alle skal ha rett til å fordøye eller konsumere forskning. Då tenker eg at forskingsformidling er så mykje, eller forskingsformidling er publisering av vitenskaplege arbeider, publisering på forskning.no, eller i populærvitenskaplege artiklar, kronikker i aviser.» (Informant nr 4)

Den same junioren meinte at det fantes mykje viktigare ting for folk å gjere enn å lese forskingsartiklar og at det at forskning skal vera tilgjengeleg for alle ikkje er noko samfunnet trenger. Dette står i kontrast til resten av juniorane som i stor grad argumenterte for viktigheita av at alle skulle kunne lese forskingsartiklar, sjølv om det ikkje var slik at det blei gjort.

«Forskning er ein bestemt måte å forhalde seg til verda på. Alt skal overhovudet ikkje vera forskingsbasert. Det er noko med å gjera forskning tilgjengeleg som om me i ein kvar livssituasjon treng forskning. Det er utruleg mange andre ting me treng, som sunn fornuft, vennskap, tillit, entreprenørskap og fantasi. Og det er ikkje forskingsbasert. Forsking må stå i hjørnet sitt som alle andre ting. Eg er sikker på kor viktig og i kva grad det kjem til å bli konsumert så mykje meir forskning.» (Informant nr 4)

Korvidt Open Access ville bidra til at fleire las forskingsartiklar var ein ting som kom fram i *Viktigheita av tilgjengeleg forskning diskursen*, og eg fann ei brei semje om at sannsynet var liten for at det ville føre til at fleire las forskingsartiklar. I motsetnad til sitatet ovanfor så meinte fleire av juniorane at høvet til å kunne lesa og ha tilgang til forskingsartiklar var viktig for folk uavhengig av om ein nytta seg av høvet eller ikkje. Fleire juniorar fremja som ein eigenverdi at forskning skulle vera tilgjengeleg for alle gjennom *Open Access* utan at det nødvendigvis ville gjera stor skilnad for kven som las forskingsartiklar.

I *Viktigheita av forskning-diskursen* gjekk det igjen at juniorane meinte at det ikkje er nok å gjera forskning tilgjengeleg via *Open Access*. Det kom fram fleire forslag til korleis gjera forskning reelt sett tilgjengeleg for fleire. Ved ei anerkjenning av at tilgjengeleggjering av forskning kosta pengar så kom det fram i eit av intervjua eit alternativ til *Open Access* tilgang som skulle gjera forskning enklare å forstå for «folk flest».

«[...] Viss ein brukar pengar på å gjere ting tilgjengeleg, kanskje ein heller burde brukt pengar på slike ekspertkomitear som lager gode rapportar frå ting. Det er betre for då skrivast det på ein måte som folk flest kan lese og journalistar kan gå inn å lese ein slik rapport og det gjev mening.» (Informant 5)

Ovanfor ser ein tydeleg at tilgjengelegheit i seg sjølv gjennom *Open Access* ikkje er noko junioren meinte var den beste bruken av ressursar for å gjera forskning tilgjengeleg for «folk flest». Juniorane opplever at noko av grunnlaget for å driva forskning er å gjere det tilgjengeleg

for «folk flest» og til dei gruppene forskinga er gjort for. Likevel snakkar fleire av juniorane om at det ikkje er rom for å prioritera å bruka arbeidstida si på nettopp populærvitskapleg forskingsformidling. Dette handlar om korleis juniorane opplever systemet og dei sosiale praksisane dei møter i si rolle som doktorgradsstudent. Ein av informantane i forskingsprosjektet snakka spesielt tydeleg om dette og meinte at som ung forskar er ein nøydd til å bruka tid på arbeid som gjev publiseringspoeng. At viktigheita av forskning og at tilgjengeleggjeringa av den er blitt gjort til ein vanskelegare jobb med tellekantssystemet er noko juniorane er opptatt av.

«... Omsetja min forskning til vanlege folk, det er fint, men det er viss eg synes det er kjekt. Det som teller, det som eg blir målt på, det som gjev meg fordelar i karrieren er kor mykje eg får publisert i vitskaplege tidsskrift, [...], det er jo det som er fundamentet for å drive forskning framover, du står på tidlegare kollegaer sitt arbeid for å byggja vidare. Det at eg har gjort all den formidlinga eg har gjort, er jo ein slags Open Access det og, det er jo ein tilgjengeleggjering av mitt arbeid.» (Informant nr 3)

Det tydeleg fram at informanten meiner at forskning som er gjort til fagfelle i form av vitskaplege artiklar er det som blir premiært i det akademiske systemet. Dette blir gjort greie for tydelegare i *Tellekantdiskursen* i delkapittelet *Tellekantssystemet i norsk akademia*.

Det kjem fram sterk kritikk mot at det er for lite høver til å nytta arbeidstida si til forskingsformidling ut til samfunnet. Samt at det ikkje vert premiært i form av publiseringspoeng eller noko anna som kan bidra til å styrke CVen sin for å søkja vidare jobb i akademia. Sjølv om juniorane er delte i meiningane om forskingsformidling er ein del av *Open Access* fenomenet, kjem det tydeleg fram at *Open Access* i aller høgste grad blir rekna som ein måte å formidla forskning på.

### **5.1.2 Tellekantssystemet i norsk akademia (baksida av Open Access)**

Dokumentasjonssystemet i norsk akademia er noko som påverkar fleire aspekt ved *Open Access* (Hillesund, 2005). Doktorgradsstudentane refererte til tellekantssystemet, og framstilte

det som eit hinder for å publisere *Open Access*. Både publiseringsspress, skrivebordsforskning, mellombelse stillingar, internasjonal konkurranse og forskingsformidling blei sett i samanheng med tellekantssystemet. Dette hevda juniorane at påverka *Open Access* publisering negativt. Det blei blant anna lagt fram som eit problem at dei tidskrifta som gjev flest publikasjonspoeng i tellekantssystemet ofte ikkje tilbyr publisering *Open Access*. Dette vert eit større problem når det no har byrja å kome krav om at yngre forskarar *skal* publisera *Open Access*. Ein doktorgradsstudent uttrykte det på denne måten.

«Det som eg har tenkt på som eit problem er at dei journalane som er nivå 2, som på ein måte gjer at du får det høgaste talet av poeng i dette «flotte» tellekantssystemet vårt. Dei journalane som er nivå 2, er jo ofte dei som er ettertrakta, høgtståande journalar, og dei er ofte internasjonale og. Eg trur ikkje dei er så gira på å vera *Open Access*.» (Informant nr 8)

Dette er noko som vil kunne variere frå fagområde til fagområde, då det kan tenkast at dette vil vera ulikt på ulike fagfelt.

Juniorane omtala publiseringsspresset som kom med det norske tellekantssystemet som negativt for *Open Access*. I tillegg til det avgrensa handlingsrommet som tellekantssystemet fører med seg eit problem for finansiering av “skrivebordsforskning” og til forskingsformidling utanfor akademien. Eg fann at utryggleiken til mellombelse stillingar og stor internasjonal konkurranse skapte bekymring for om ein kunne prioritera å få publisert *Open Access* på i staden for å få fleire publikasjonspoeng for artikkelen sin.

«... Dette med at du må velja ein *Open Access* journal å publisere i, men viss historia di er så god at du kan publisere i toppsjiktet som ikkje har *Open Access*, har det negativ påverknad på din karriere. Det mange har snakka om hjå oss, er at dette er greitt nok for dei som er professorar og dei som har fast jobb, dei kan ta ein for teamet. Men det kan



vere dei ikkje vil det på grunn av ego og har lyst til å publisere i Nature og sånn. Men for oss som er «early career», er det så viktig å publisere så høgt som me kan. Det er det eg tenker er negativ med den politikken som er no, du må gjera det [publisere Open Access] for alt liksom.» (Informant nr 5)

Fokuset på å publisere i tidsskrift som er sett på som gode og gjev publikasjonspoeng er noko juniorane som er svært positive til. *Open Access* publisering var skildra som noko som dei blir målt på og som er sentralt for å kunne arbeide vidare med forskning innanfor akademien.

«... Eg kjenner på eit publiseringssystem for universitetet. Det dei måler meg på er jo ikkje eigentleg kor god forskinga mi er, men kor vellykka eg har vore på å få det publisert i gode nok journalar.» (Informant nr 3)

Det norske tellekantsystemet har dermed nokre uheldige konsekvensar for juniorane og påverkar diskursen om *Open Access* på ein indirekte måte. Nedanfor vil eg ta for meg dei aspekta som er nemnd ovanfor i eigne underkapittel: “Skribebordsforskning”, mellombelse stillingar, internasjonal konkurranse og forskingsformidling.

Det er kanskje i *Tellekantsdiskursen* ein i størst grad ser at spelereglane for juniorane er avgrensa fordi dei må bry seg om publiseringspoeng og kvantitet for å kvalifisere seg til vidare karriere i akademien. Likevel uttrykker juniorane misnøye med dette tellekantsystemet, noko som gjer at eg har kategorisert det som handlingsvalet *voice*. Det er ein stille protest mot systemet. Det å snakke høgt om at det kan vere ei ulempe for dei som tidleg i karrieren å publisere Open Access er i seg sjølv ein protest. Samstundes kan ein i *Tellekantsdiskursen* sjå tydelege marknadsmetaforar ved at juniorane må produsere meir og meir forskning som om det er ei vare for å halde seg flytande i akademien ved å få tak i publikasjonspoeng for å publisere artiklar. I tillegg kjem det tydeleg fram i *Tellekantsdiskursen* at juniorane må selje inn sin forskarkompetanse via publikasjonspoeng og at det er lett å bli bytta ut med nokon som har prioritert å sanke publikasjonspoeng.

Juniorane fokuserer på korleis tellekantssystemet er noko som har store konsekvensar for deira CV og vidare karriere, men som i stor grad bidrar til svekkja høvet til å sjå på det som eit fortrinn å velje å publisere *Open Access*. Dermed kan ein sjå at juniorane som tek opp dette protesterer mot korleis tellekantssystemet verkar inn på *Juniorane sin Open Access diskurs*.

Eit fokus var å miste ein forbindelse til det globale forskingssamfunnet dersom ein tidsskrift som det var mest prestisje i å publisere i ikkje ville tilby publisering *Open Access*. Dette gjer at ein kan sjå at det ligger ein reell frykt for å alltid måtte publisere *Open Access* dersom systemet rundt gjer at ein ikkje får maks utteljing på å gjere nettopp dette. Denne problemstillinga vert meir og meir reell når det sjåast i lys av nye krav til å publisere forskingsartiklar *Open Access*.

«Eg trur nok eg kan miste [...] ein forbinding til det internasjonale samfunnet. Eller det internasjonale forskingssamfunnet, kanskje barnehagelærarar i andre land eller dei som jobbar med tidleg barndom som er 0 til 8 år. Ein mister litt den viss dei høgtstående internasjonale journalane ikkje vil vera ein del av dette Open Access-samfunnet. Men samstundes er det fleire internasjonale journalar som har blitt Open Access, så det er eit høve å ikkje miste det forholdet likevel, men då igjen kan ein kanskje miste statusen på forskinga si. Dess høgare du klarar å publisere dess meir status får forskinga di. [...] Det er jo det som er fint med den Unit-avtalen, då kan du jo publisere i nivå 2 og vera Open Access.» (Informant nr 8)

Samstundes viser sitatet til eit inntrykk om at det finnast mogleikar til å unngå dette problemet med den såkalla Unit-avtalen. Som informanten peikar på vidare så er hevdar junioren at det allereie er på veg til å bli ein endring. Dette er likevel interessant då det illustrerer at forskarar kan enda opp i situasjonar der dei kan stå mellom valet å velja tidsskriftet som er rett for artikkelen, velje å publisere *Open Access* og å velje å publisere i eit tidsskrift som er på nivå 2.

«No trur eg det er fleire journalar som er rangert som nivå 2 som har *Open Access* tilgang, og det gjer at ein får, viss ein klarar å publisere i nivå 2, så får du eit høgare mengde poeng.» (Informant nr 8)

I denne diskursen er det komen fram at juniorane snakka om at tellekantssystemet si vektlegging av forskning i liten grad opnar opp for forskning gjort på andre premiss enn det som skal ha ein tilnærma augneblikkeleg vitskapleg og samfunnsmessig verdi. Eit døme som kom opp i eit av intervju er nettopp at tellekantssystemet ikkje gjev rom for “skrivebordsforskning”, fordi midlane universitetet og høgskular har tilgjengeleg til forskning er fordelt gjennom resultatsstyring.

«... Slik skrivebordsforskning. Det var nokon som kritiserte sosiologisk institutt ved Universitetet i Tromsø då eg var student. Det var mange som satt ved skrivebordet sitt og det var ikkje så godt å sei kva dei gjorde. Nokon gongar kjem det veldig gode ting ut av at nokon har sitte 10 år og tenkt, og tilsynelatande ikkje gjort noko som helst, så kjem det noko som er veldig bra, som berre tok veldig lang tid å laga. Eg kan søkja pengar, eg har ein vag ide, eg vil sitte nokon år å tenka på det. Det er ikkje nokon stad å senda den søknaden. Det er fint at ikkje alle gjer det, men det er fint viss nokon gjer det og.»  
(Informant nr 4)

I diskursen har eg identifisert at handlingsrommet i akademia har endra seg frå tidlegare og kva forskning ein kan gjera. Dette har ein anna av juniorane snakka om, det at å gjera eit forskingsarbeid som «livsverk» var noko som blei premiært i større grad før i tida, enn det blir i dag. Medan slik som tellekantssystemet er strukturert er med på å styra kor god CVen til juniorane er. Det lite rom for ein med mellombelse stilling nedst i hierarkiet i akademia å gjera eit forskingsarbeid som «livsverk» eller eit langvarig «skrivebordsforskning».

«... Dei [eldre kollegaer] kunne publisere sånne livsverk kvart femte år, ein kjempegrundig artikkel som dei hadde jobba med heilt til dei var ferdig, dei kunne vera kjempegrundig og dei tok på seg alt. No seier dei til meg at du må sikkert publisere to-tre artiklar i året for å kunne holde deg flytande, du må avstumpa arbeidet ditt før det eigentleg er ferdig for å få det ut, viss ikkje taper du konkurransen. Det er jo, akademia er jo prega av kortvarige, mellombelse stillingar i mange mange år før du blir konkurransesterk nok til kunne sjå etter faste stillingar. Det som på ein måte er kapitalen i akademia er publisering, det avgjer kor sterk CV din er, kor bra noko er går på ranking, med H indeks, eller det går kanskje på forskaren.» (Informant nr 3)

Her ser ein klart at juniorane protesterer mot at det er mindre rom for større forskingsprosjekt og dei er difor bekymra for at denne typen forskning ikkje blir gjort i mangel på rom for å prioritera det i tellekantsystemet ved å ikkje bevilge økonomiske midlar til det. Dette kan ein sjå i samanheng med marknadsmetaforane og korleis akademia i større grad no enn før blir styrt som ein bedrift som skal ha umiddelbar avkastning.

Det kome fram at fleire av juniorane fann problem med å avgrensa seg til å berre publisere i *Open Access* tidsskrift. Då kunne ein nemleg risikere å gå glipp av høvet til å publisera forskinga si i meir prestisjefylte og godt etablerte tidsskrift med høgare status dersom artikkelen var god nok. Her snakka dei om tidsskrift som var rangert som nivå 2 og ein ville då kunne risikera å gå glipp av verdifulle publikasjonspoeng som igjen gjorde det vanskelegare å lande neste stilling dersom ein ikkje først forsøkte å publisere forskingsartikkelen i eit tidsskrift på nivå 2. Dette var noko som gjekk igjen i denne diskursen fordi dei fleste juniorane ikkje hadde fast stilling, og opplevde eit press blant anna på grunn av stor internasjonal konkurranse.

Eit døme på dette i *Tellekantdiskursen* kan ein sjå nedanfor, der junioren som er sitert har tydeleg meiningar om at formidlingsaktivitetar bør tella positivt og gje poeng i tellekantssystemet. Junioren opplever at på grunn av mellombelse stillingar og

tellekantssystemet må ein prioritera å styrka høva til å sikra seg vidare arbeid i akademia, og dermed er formidlingsaktivitetar noko ein ikkje får den same utteljinga for.

«Eg synes det burde vere ein slags form for publiseringspoeng i å drive formidling. Og eg synes universiteta burde jobba meir med sine normer og formelt sett sjå ein større verdi i, [...]. Men reelt sett, dess meir tid eg brukar på formidling til vanlege folk i staden for å få publisere i vitskaplege tidsskrift dess større er sjansen for at eg forsvinner ut av akademia, fordi eg ikkje greie å lande neste stilling. Eg har ikkje sterk nok CV.»

(Informant 3)

Ein kan sjå at junioren meiner at om ein skal kunne sikre seg ein ny stilling i akademia så må ein bruka tid på det som gjev poeng i tellekantssystemet, og dette er desto viktigare når doktorgradsstudentar i stor grad har mellombelse stillingar i akademia. Nedanfor kan ein sjå at informanten meiner at forskingsformidling er gjort basert på frivilligheit og er noko som ein berre har høve til å gjera dersom ein har overskot til det.

«... Og eg trur at alle meiner at det [forskingsformidling] er nyttig og viktig arbeid, men infrastrukturen for å sikre at det lønner seg eller at du kan forsvare at du brukar tida di på det. Og difor så blir det eit slags frivillig overskotsprosjekt.» (Informant 3)

Slik kan ein sjå at juniorane fremja viktigheita av forskingsformidling. Fleire valde å drive med populærvitskapleg formidling på tross av at kunne gjere det vanskelegare å sikra seg vidare til neste stilling i akademia. Dette står i kontrast til at dei tre samfunnsoppdraga som eit universitet har: Forsking, utdanning og formidling.

### 5.1.3 Røvertidsskrift (skuggesida av Open Access)

Eit av dei mest overraskande funna i datamaterialet var at eit par av informantane knytta *Open Access* direkte opp mot det dei kalla røvertidsskrift. Dette var noko eg ikkje hadde forutsett før eg gjekk i gang med datainnsamlinga og det fantes ingen spørsmål kring røvertidsskrift i intervjuguiden. Difor har eg identifisert *Røvertidsskrift*, knytt den til det som informantane snakka om som uærlege tidsskrift, falske tidsskrift, rovdyr-tidsskrift og røvertidsskrift.

Som eg tidlegare har hevda kan røvertidsskrift sjåast på som ei skuggeside av *Open Access*. Ved at eg omtalar røvertidsskrift som ei skuggeside så har eg allereie der lagt føring om at røvertidsskrift i seg sjølv kan vere eit problem. I tillegg til å belysa korleis informantane snakka om samanhengen mellom *Open Access* og røvertidsskrift, skal eg difor belyse om røvertidsskrift er eit problem i seg sjølv, og i tilfelle for kven? Eg skal og vise korleis doktorgradsstudentane snakka om at nokre forskarar mjølkar publiseringspoeng ved å publisere i røvertidsskrift.

Dei fleste nettsidene til utdanningsinstitusjonar inneheld åtvaringar mot å bli lurt og gjev forskarar og studentar tips til korleis unngå å publisere i eit røvertidsskrift. Det at røvertidsskrift er eit problem som er knytt til *Open Access* kom fram allereie i første intervjuet. Informanten skildra korleis røvertidsskrift har innpass i det akademiske systemet.

«Dette her med paperpublish. Det finnes jo ein del slike scams, ikkje falske tidsskrift, men uærlege tidsskrift, som utgjer seg for å vera ein seriøs publiseringsskanal, som formidlar til eit relevant fagmiljø, men som eigentleg berre publisere alt mogleg drit. Det har ein jo ein del dømer på, at det har vert slike avsløringar kor det blant anna var ein artikkel som blei publisert, eg trur det berre var setninga: « Get me off you damn emailist» som var gjentatt i det uendeleg i grafane og tabellane og alt sånt i heile artikkelen og den blei publisert fordi han betalte 2000 kr. Det finnes ein del døme på slike ting, det er såkalla Open Access, men ikkje ein del av den gode infrastrukturen. [...] Det er ein del folk som har avslørt kva dei faktisk driver med, det er nokon andre og, nokon er

ikkje like genuine avsløringar, men den «Get me off your damn emallist» er eit godt døme på kor ille det kan gå.» (Informant nr 1)

Det er min tolking av informanten ser på røvertidsskrift er eit produkt av *Open Access*. Junioren peikar på at røvertidsskrift ikkje er ein del av den gode infrastrukturen i akademia og tek, på same måte som universitetet, sterkt avstand til å publisere i eit slikt tidsskrift. Junioren er lojal mot universitetet sin *Open Access* politikk fordi røvertidsskrift kan knyttast til ei lite ynskja sida ved *Open Access* frå universiteta si side.

Eit anna aspekt i *Røvardiskursen* som eg fann overraskande var at den same informanten sa at det var mogleg å få ei slags fagfelle vurdering og til og med publikasjonspoeng for å publisere i røvertidsskrift.

«... Dei kan få fagfelle vurdering, folk kan få publisert, dei kan til og med få publikasjonspoeng for det. Fordi universiteta ikkje har gode nok filter til å identifisera useriøse aktørar. Nokon har utnytta det her. Det same gjeld konferansar som ikkje finnes og der ein drar til eit land og har eigentleg berre har tatt ferie. Begge desse delane er ein del av økosystemet og det trur eg er ein vanskeleg utfordring når ein går for paperpublish Open Access. I staden for å lura dei som skal betale [for forskingsartikkelen] så lurar ein den som skal publisera [forskingsartikkelen]. Og derav dei som har tiltru til systemet bak. Det blir berre ein anna form for scam, enn der du må selja nok nummer til å tena pengar på det bullshitet.» (Informant nr 1)

Røvertidsskrifta kan altså nyttast frå forskaren si sida for å få tak i sårt trengte publikasjonspoeng. Dermed kan det bli sett på som ein fordel for doktorgradsstudentar at det er eit høve å publisere i røvertidsskrift. Ser ein det i samanheng med mellombelse stillingar, internasjonal konkurranse og stort arbeids- og publiseringspress så er det ikkje vanskeleg å forstå at det for nokon vil vera freistande å ta ein snarveg for å kunne holde seg flytande i akademia.

*Røvardiskursen* handlar om røvartidsskrift, men må og sjåast i samanheng med oppdikta universiteta og falske konferansar. Alle desse er fenomen som har fått eit slags innpass i akademia gjennom *Open Access*, og vil då lura til seg pengar frå tilsette ved universitet eller høgskular ved å tilby ein snarveg til å føye til eit ikkje-eksisterande universitet på CVen.

«... Det [røvartidsskrift, falske universitet og konferansar] er ein del av det same nettverket, same systemet at det med tidsskrifta er direkte knytta til at *Open Access* er blitt meir og meir vanleg.» (Informant nr 1)

Viss ein ser på desse uærlege aktørane i akademia isolert sett, kan det tolkast som om utbreiinga av røvartidsskrift er ein kritikk mot korleis akademia fungerer i dag. Desse aktørane ser sitt snitt til tena pengar på å få forskarar til å betala for å publisere i røvartidsskrift og er ein kontrast til korleis det akademiske publikasjonssystemet er tenkt å verka. Frå universitetet sitt hald vil dette kunne bidra til å undergrave kvaliteten på forskning og verdien av fagfellevurdering.

Fleire informantar trakk fram framveksten av røvartidsskrift som eit stort problem for akademia. Røvartidsskrifta konkurrerer på sida med kvalitetssikra fagtidsskrift om å få publiseringsrettar til forskingsartiklar. Viss ein forskar godtar å publisere i eit tidsskrift mister forskaren som regel høvet til å publisere det fleire stadar. Med denne utviklinga meinte junioren at internett gjorde det mykje lettare for blant anna røvartidsskrift å lura pengar frå forskarar.

«...Det er lettare for useriøse aktørar enn det var før. Eg får jo mykje spam-mail frå slike liksom-tidsskrifter og konferansar og at ein kan publisere her og publisere bøker. Alt mogleg. Det er eit ganske velkjend problem. Det blir jo mykje lettare når alt går på nett.» (Informant nr 2)



Her får internett ei rolla ved å gjere det lettare for røvartidsskrift å nå ut til forskarar for å få dei til å publisera i sin i røvartidsskrift. Dermed kan ein sjå at sjølve utbreiinga og framveksten av røvartidsskrift er knytt til at folk blir lurt, framveksten av internett og av *Open Access* med forfattarbetaling.

## 5.2 Drøfting

I dette kapitlet, kapittel 5.2 skal eg belyse drøfte problemstillinga *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?* I kapittel 4 har eg blant anna gjort greie for korleis marknadsmetaforar og spelereglane for juniorar kjem fram i språket juniorane nytta om *Open Access*. Kapittel 5.1 synleggjort kva diskursar som var tilgjengelege for juniorane, dermed kunne bli identifisert i ein diskursanalyse. I det kapitlet har eg og vist at diskursane som juniorane nytta ber preg av marknadsmetaforar og tydelege spelereglar for korleis juniorar i akademia snakka om *Open Access*. I dette kapitlet, kapittel 5.2, skal eg nytta perspektivet om *Spelereglar for juniorane i akademia* og *Hirschman sin teori om handlingsval* for å drøfte problemstillinga, *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?*

Som nemnd i kapittel 5.1 Empiri og analyse er *Viktigheita av tilgjengeleg forsking diskursen* den positive sida av *Open Access*, *Tellekantdiskursen* er baksida og *Røvardiskursen* er skuggesida. Drøftinga bygg på ein føresetnad om at doktorgradsstudentane har eit ynskja om å arbeide vidare med forsking og søkjar seg vidare til postdoktorgrad eller andre stillingar i akademia. Når det er sagt, er det viktig å påpeike at dette ikkje var like viktig for alle juniorane i masterprosjektet. Likevel, doktorgradsstillingar fungerer som ein rekrutteringsstilling innafor forsking og difor ligger ein tanke om viktigheita av forsking og eit ynskje om å bidra med viktig forsking i rolla likevel.

Som ein kan sjå i empiridelen så er det fleire interessante funn i *Juniorane sin Open Access diskurs*. Det er gjort greie for at juniorar har eit sett med spelereglar i akademia, og spelereglane påverkar korleis juniorane snakkar om *Open Access*. Eg har påstått at desse spelereglane mest truleg er annleis for andre tilsette i akademia. Det er og gjort greie for korleis marknadsmetaforar i akademia påverkar *Juniorane sin Open Access diskurs* og

dermed korleis juniorar må forhalda seg til *Open Access*. Eg skal no sjå på dei tre tematiske diskursane og drøfte om dei kan forståast som eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia.

### 5.3 Viktigheita av tilgjengeleg forskning

I *Viktigheita av tilgjengeleg forskning diskursen* har eg funne at juniorane i stor grad meinte at *Open Access* bidrog til å gjere forskning tilgjengeleg, noko som var framstilt som nesten udelt positivt både for akademia og for samfunnet. I diskursen er det identifisert eit fokus på kven forskning skrivast til, at det finnes grupper utan tilgang til forskning, at forskning kan motverka «fake news» og viktigheita av forskingsformidling i og utanfor akademia. I diskursen er det identifisert eit fokus på kven forskning blir skriva til, at det finnast grupper utan tilgang til forskning, at forskning kan motverka «fake news» og viktigheita av forskingsformidling i og utanfor akademia.

Ein sentral påstand i *Viktigheita av tilgjengeleg forskning-diskursen* er at *Open Access* i seg sjølv var viktig for å få kommunisert forskning både til fagfellar og til «folk flest». Fleire av juniorane la vekt på at forskning burde vere tilgjengeleg for alle, og at å publisere *Open Access* var ein god måte å gjere forskning tilgjengeleg på. Dermed kan ein sjå at publisering gjennom *Open Access* blir sett på som ein form for forskingsformidling. Forskingsformidling er ein måte å sikre utveksling og dialog mellom samfunnet og forskning på (Farbrot, 2010, p. 61). Dermed opnar ein opp for ein dialog med forskingsformidling. Juniorane ynskjer både å kommunisere forskning til andre fagfellar og til «folk flest». Nettopp fordi forskning publisert gjennom *Open Access* og skriven på eit fagspråk vil det vera enkelt å sjå at det er fagfellane som vil få mest ut av å faktisk lese forskinga. Det er lite forskning på kva «folk flest» får igjen for å lese forskning publisert *Open Access*.

Juniorane skildra det som eit gode, både å kunne tilby forskning tilgjengeleg til alle og gjere forskning tilgjengeleg for fagfellar, fordi ein då fekk tilgang på forskning frå andre fagfellar uavhengig av om universitet der juniorane er tilsette har betalt for tilgang eller ikkje. Ein kan med andre ord tolke *Open Access* som eit gode for doktorgradstudentar.

Eit par juniorar argumenterte for at open tilgang til forskingsartiklar var svært viktig for å motverka «fake news». Det er ikkje vanskeleg å forstå at kunnskap og formidling av kunnskap vil motverke «fake news». Koplinga mellom «fake news» og open forskning er noko som er svært relevant å ta inn i diskusjonen om viktigheita av forskingsformidling. Nokre av juniorane hadde einskilde utsegn der dei skildra *Open Access* som synonymt med noko som er tilgjengeleg for alle, altså gratis tilgjengeleg for alle. Slike utsegn tydar på ei førestilling om at *Open Access* kan motverke det at «fake news» er blitt meir vanleg. Trusselen «fake news» står for er, noko som gjer at det ville vore svært interessant å få meir forskning samanhengen mellom «fake news» og *Open Access*. Trusselen «fake news» er for akademia og samfunnet elles er noko som fungerer som eit argument for at *Open Access* er eit gode for juniorar i akademia. Fake news kan tolkast som ein konkret trussel mot deira mandat, som forskarar kan ein bidra til å kjempa i mot. Open i betydning gratis tilgang viser og at forskning i nokre samanhengar blei framstilt som ei vare. Anten har ein tilgang til ei vare, eller så har ein det ikkje.

Det var fleire av juniorane som peika på at det finnes grupper som burde ha tilgang til forskning, men som ikkje har tilgang til forskning som ikkje er publisert *Open Access*. Ei av gruppene som juniorane nemnde var potensielle doktorgradsstudentar Dei fortalte at dersom dei ikkje hadde tilgang til den nyaste forskinga innan fagfeltet, og dei ynskja å søkja på ein doktorgradstilling hadde dei ei stor slagside. Dette var ein situasjon fleire av juniorane hadde opplevd å vera i sjølv. Manglande tilgang til forskning når du har eit stort behov for tilgang, eller det hadde vore svært fordelaktig å ha tilgang, vart framstilt som eit problem utan *Open Access*. Det at ein kan identifisere spesifikke grupper som ynskjer denne tilgangen er eit sterkt argument for *Open Access publisering*. At eit utval potensielle doktorgradsstudentar ikkje har tilgang til forskning, og dermed ikkje dei same føresetnadar for å få ei stilling i akademia som dei som har ein slik tilgang kan ha store konsekvensar for einskildpersonar og samfunnet. Det er færre smarte hovud som får konkurrert på dei same forskarstillingane dersom ein ikkje har dei same føresetnadane. Dette kan og tenkast å gjelde andre stillingar i akademia og andre stadar der det er eit reelt behov for tilgang til den nyaste forskinga. *Open Access* er med andre ord eit gode særleg for potensielle doktorgradsstudentar.

Ein av juniorane uttalte at forskingsformidling var så mykje, og viste til at forskingspublisering ikkje var utelukka publisering av vitskapelege arbeider. I tillegg var det publisering på forskning.no, publisering av populærvitskapelege artiklar, publisering av kronikkar og eller debattinnlegg i aviser. Datamateriale viser at «forskingsformidling» er eit litt svevande omgrep og det er litt vanskeleg å sei kva det inneheld. Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH, retningslinje 42) definerer forskingsformidling som:

«Forskingsformidling er å kommuniserer innsikter, arbeidsmåter og holdninger (vitenskapens ethos) fra spesialiserte forskningsfelt til personer utenfor feltet («popularisering»), inklusive bidrag til samfunnsdebatter med vitenskapsbasert argumentasjon. Det kan dreie seg om formidling av etablerte innsikter i faget og resultater frå nyere forskning.» (Farbrot, 2010, p. 59).

*Viktigheita av tilgjengeleg forskning-diskursen* visar og at doktorgradsstudentane er opptekne av at ikkje alle ville forstå den forskinga som blir kommunisert gjennom *Open Access* publisering. Nokre juniorar sa at for å nå ut med forskning til andre delar av samfunnet var populærvitskapeleg forskingsformidling viktigare enn *Open Access*. Ein junior snakka om forskingsformidling i rolla som doktorgradsstudent var eit frivillig overskotsprosjekt. Dermed kan ein sjå eit sakk av insentiv til å drive meir allmennretta formidling, eller at dei rett og slett kan ta seg tid og få rom til å få arbeid med allmennretta forskingsformidling. Dette er noko som samsvarar med tidlegare forskning. Mangel på slike insentiv frå akademia kan ein sjå hjå Wig og Svensen (2016). Dei har konkludert med det same, ved å vise til at populærvitskapeleg eller allmennrett formidling ikkje gjev publikasjonspoeng (Wig & Svensen, 2016, p. 198). Universiteta premierer ikkje formidling når dei tilsett til vitskapelege stillingar (Wig & Svensen, 2016, p. 198). Det som ikkje kjem fram hos Wig og Svensen, men som kjem tydeleg fram i diskursanalysen er at juniorane kanskje er spesielt utsett, nettopp fordi dei svært ofte har mellombelse stillingar i akademia og ofte må jobbe i fleire år på å ha sjansen til å skaffe seg ein fast stilling.

Norges forskningsråd bidrog i 1997 til å setja forskingsformidling på den akademiske dagsorden ved å gje ut ein «Nasjonal strategi for allmennrettet forskingsformidling» (Wig & Svensen, 2016). Dermed kan ein sjå at forskingsformidling kom i søkjelyset allereie på slutten av 90-talet. Norges forskningsråd skil mellom tre ulike typar forskingsformidling: Allmennretta formidling, brukarretta formidling og forskarretta formidling (Farbrot, 2010). Juniorane fremja *Open Access* både som ei løysing på å gjera forskning tilgjengeleg for allmennheita, ved å snakka om forskning til «folk flest». Dei snakka og om å gjere forskinga tilgjengeleg for dei som forskinga er produsert til, profesjonelle brukarar. Likevel var dei fleste juniorane bevisste på at *Open Access* var ikkje den einaste eller den beste måten å formidle forskinga på. Dei snakka om bruk av fagterminologi og at alle ikkje har dei same føresetnadane til å lesa reine forskingsartiklar. Dette gjorde at juniorane etterlyste eit handlingsrom der det var eit høve til å prioritera dette, medan spelereglane for juniorar i liten grad tillet dette.

I følge Farbrot (2010) skal populærvitenskapleg forskingsformidling ved sida av forskning og utdanning vera ein av tre kjerneaktiviteter ved norske universitet og høgskular, men det er langt igjen før formidling har same status, breidde og posisjon som universiteta sine andre kjerneoppgåver, nettopp utdanning og forskning. Dette finn eg igjen i datamaterialet, at juniorane fremjar at publisering av forskning er det dei blir målt på, og at forskingsformidling ikkje er noko dei kan rettferdiggjere å nytta si arbeidstid på. Spelereglane for juniorar i akademia tillet det ikkje. Når det er sagt, skal ein heller ikkje underslå at eit motiv som har blitt viktigare og viktigare for å driva med forskingsformidling er omdømmebygging, PR og studentrekruttering (Farbrot, 2010). At omdømmebygging, PR og studentrekruttering er motivasjonen for ein meir allmennretta forskingsformidling visar bruken av marknadsmetaforar i akademia som stemmer med perspektivet eg identifiserte i empirien. Forskinga skal ikkje lenger berre gje folket svar på det dei er nysgjerrige på, og vise det nyaste i forskinga, men og invitere til ein meir offentleg debatt om viktige spørsmål for samfunnet (Farbrot, 2010). Eit større fokus på kommunikasjon og PR har ført til kritiske spørsmål om kva effekt marknadstenking i forskingsformidling vil ha på akademia over tid (Farbrot, 2010, p. 62).

#### 5.4 Tellekantssystemet i norsk akademia

I *Tellekantdiskursen* skildrar juniorane tellekantssystemet som eit hinder for doktorgradsstudentar, og spør om ein får like mykje igjen for å publisere *Open Access*. Dette er ikkje noko nytt, Hillesund gjorde greie for dette allereie i 2005, ved å vise til at dei fleste *Open Access* tidsskrifta er unge i marknaden og dermed møter *Open Access* rørsle strukturelle hindringar ved at det gjev meir publikasjonspoeng og derav og prestisje å publisere tradisjonelle tidsskrift som har ein dominerande posisjon (Hillesund, 2005, p. 164).

*Tellekantdiskursen* syner at dette er noko juniorar i akademia er opptatt av. For juniorar gjev desse spelereglane eit avgrensa handlingsrom. Det kan tenkast at spelereglane for juniorar i akademia er vesentleg meir avgrensa enn til dømes faste tilsette i akademia. Vidare er det i *Tellekantdiskursen* snakka om mangelen på høve til å drive med «skrivebordsforskning» som forskar i dag og korleis mellombelse stillingar påverka korleis ein tenkte om forskingspublisering og *Open Access*. Eit par juniorane hevder at forskning i dag i liten grad opnar opp for forskning gjort på andre premiss enn det som har tilnærma augneblikkeleg vitskapleg og samfunnsmessig verdi. Samstundes er det mangel på høve til å drive lengre forskingsprosjekt utan ein direkte avkastning. Dette ser ein til dømes ved at det er få stadar å søkja forskingsmidlar til slik store forskingsprosjekt. Med *Open Access* som ein del av akademia i dag og krav om å nytte *Open Access* som publiseringsmodell, kan det tenkast at det er eit større press for publisering i dag enn tidlegare noko som bidrar til eit mindre rom for «skrivebordsforskning».

Juniorane er i større grad enn tidlegare nøydt til å delta i konkurransen om å publisere prestisjefylt forskning for å sikre publikasjonspoeng og for å kunne søkje vidare stilling i akademia. Det kan difor tenkast at rommet til å drive «skrivebordsforskning» og forskning som «livsverk» som junior i akademia er mindre, altso dette og er eit område kor spelereglane er annleis for juniorar enn for fast tilsette.

## 5.5 Røvardidsskrift

I *Røvardiskursen* er identifisert både som eit gode og som eit hinder for juniorar i akademia. Som eit fordi ein som doktorgradsstudent tenar på å ha dette høve til å få fleire publikasjonspoeng, og eit hinder fordi det at ved at andre får publikasjonspoeng ved å publisera i røvardidsskrift så kan ein tape mot dei i konkurransen om vidare stilling i akademia. Diskursen er det identifisert at ein direkte konsekvens av at *Open Access* er blitt meir vanleg er utviklinga av røvardidsskrift. I denne diskursen la juniorane vekt på «fagfelle vurdering», mjølking av publiseringspoeng, uærlege aktørar i akademia og om internett har bidrege til at røvardidsskrift er meir utbreidd. Røvardidsskrift eller det som og kallast rovdrytidsskrift er tidsskrift som publiserer forskingsartiklar med open tilgang på nett med liten til ingen fagfelle vurdering, låge akademiske standardar og lite truverd (Vakil, 2019, p. 92). Aukinga av røvardidsskrift er knytt til utviklinga av *Open Access modellen* (Beall, 2012). Dette kom fram allereie i det første intervjuet og gjorde meg oppmerksam på den sterke koplinga mellom *Open Access* og røvardidsskrift.

Røvardidsskrift er sett på eit så stort problem av dei fleste universitet og høgskular, då ein kan sjå at dei åtvarar sine studentar og forskarar mot å publisere i slike tidsskrift på sine egne nettsider. Den første som nytte den engelsk omgrepet «predatory journals» som røvardidsskrift kjem frå var forskingsbibliotekaren Jeffrey Beall i 2012 (Hem, 2014). I 2010 publiserte han den første lista over slike tidsskrift på bloggen sin: Scholarly Open Access og sidan har han vore ei vaktbikkje for denne typen tidsskrift (Hem, 2014). Beall liste har vore kritisert, mange har meint at han har inkludert for mange tidsskrift, deriblant tidsskrift som det ikkje burde bli sett på som eit problem å publisere i. Likevel er han sett på som den første har identifisert dette problemet og forsøkt å lage ei løysing. Lista hans med tidsskrift som han identifiserte som uærlege var tidsskrift som ikkje nådde minimumskriteria hans (Hem, 2014) (Butler, 2013). Sjølv om Beall med fleire forsøkte å skilje dei uærlege tidsskrift frå dei ærlege, så er det lett å sjå at dette ikkje er heilt svart-kvitt og at det er mange tidsskrift som finn seg på ein stad midt i mellom.

Jeffrey Beall hevda at det er så mange som 5-10 prosent av artiklar publisert med *Open Access* er publisert av useriøse utgjevarar (Hem, 2014). I følgje (Seethapathy, et al., 2017) blir særleg forskarar frå India utnytta i kampen for forskingsmidlar, publisering og karriere. Det er kanskje ingen stadar røvertidsskrift er eit større problem enn i India på grunn av eit marknadsbehov, hundretusenvis av forskarar i India og nabolanda må bli publisert for å kunne få faste stillingar og forfremjingar (Beall, 2012, p. 179). Dei fleste forfattarane som publiserer i røvertidsskrift kjem ifrå forskingsinstitusjonar i utviklingsland (Moher, et al., 2017). Dette samsvarar med det eg har funne i *Røvardiskursen*, der eine informanten uttrykkja bekymring for at forskarar kunne bli freista eller pressa til å publisere forskinga si i røvertidsskrift. Dette er ein utvikling som er svært uheldig for akademia, men for den einskilde forskaren kan det bli sett på som eit gode at dette høve finnast fordi det elles ikkje hadde vore mogleg å fortsetje å drive med forskning. Som ein kan sjå i *Tellekantdiskursen*, så må ein akademiske kulturen publisere forskning for å ikkje falle ut av akademia og dette gjer at det er enkelt å forstå kvifor nokon kan ty til å publisere forskinga si i røvertidsskrift (Vakil, 2019, p. 92).

Det akademiske samfunnet har i dei seinare åra opplevd ei sterk uke av tidsskrift som opererer uærleg, påstår at dei fagfellevurderer artiklar og publiserer artiklar i sitt tidsskrift mot betaling (Bagues, et al., 2019). Aukinga av røvertidsskrift var det som informanten knytta direkte til *Open Access* og dette er noko som samsvarar med tidlegare forskning. Denne aukinga kan ein sjå i lys av marknadsmetaforar fordi, det er ei kapitalistisk interesse å tena pengar på artiklar publisert i røvertidsskrift og fordi det ikkje hadde hatt like stort omfang dersom tellekanttssystemet var så viktig for å få publiseringspoeng.

I kapittel 5.1 har eg belyst problemstillinga *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access?* og gjort ein diskursanalyse der eg har identifisert tre tematiske diskursar innunder *Juniorane sin Open Access-diskurs: Viktigheita av tilgjengeleg forskning-diskursen, Tellekantdiskursen og Røvardiskursen*. I kapittelet 5.2 har eg drøfta problemstillinga *Open Access – Eit hinder eller eit gode for juniorar i akademia?* og gjort greie for med hjelp av dei tre ulike diskursane om *Open Access* er eit god eller eit hinder for juniorar i akademia. I tillegg har eg sett på korleis tidlegare forskning samsvarar med funna i diskursane.



## 6 Avslutning og konklusjon

I dette kapitlet, kapittel 6 Avslutning og konklusjon skal eg avslutningsvis oppsummera funna i diskursanalysen. I denne masterprosjektet har eg funne og identifisert tre diskursar innanfor paraplydiskursen *Juniorane sin Open Access-diskurs: Viktigheita av tilgjengeleg forskning-diskurs, Tellekantdiskursen og Røvardiskursen*. I tillegg har eg identifisert to perspektiv som er nytta i analysen: *Marknadsmetaforar i akademia* og *Spelereglar for juniorar i akademia*. Hovudfunna i diskursanalysen har vore at diskursane viser ulike sider ved *Open Access: Viktigheita av tilgjengeleg forskning-diskursen* viser den positive sida, *Tellekantdiskursen* viser baksida og *Røvardiskursen* visar skuggesida.

Det som eg har identifisert som hovudargumentet for *Open Access publisering* er at forskning bør vera opent tilgjengeleg fordi offentleg finansiert forskning er betalt «folk flest». Samstundes har informantane vore klar over at dette ikkje nødvendigvis vil føre til at fleire lesar forskning. I det at forskning *skal* og *bør* vera opent tilgjengeleg for alle gjennom *Open Access* er det ein fare for at viktigheita av populærvitskapleg forskingsformidling mister fokus og dermed ikkje blir prioritert.

I problemstillinga: *Korleis snakkar doktorgradsstudentar om Open Access?* så kan ein sjå at doktorgradsstudentar snakkar om *Open Access* i dei tre diskursane: *Viktigheita av tilgjengeleg forskning-diskursen, Tellekantdiskursen og Røvardiskursen*. Det er eit stort fokus på at tilgjengeleg forskning er ein fordel for dei og for samfunnet generelt, men det blir stilt spørsmål om kvifor det trengjer å koste så mykje på publisere *Open Access*. Med dette kjem eit mistru til om det verkeleg er så mykje utgifter for tidsskrifta, spesielt sidan fagfelle vurdering blir gjort på dugnad av forskarar.

I problemstillinga: *Open Access – Eit gode eller eit hinder for juniorar i akademia?* så er det tydeleg at det er både eit gode og eit hinder for juniorar i akademia. I *Viktigheita av tilgjengeleg forskning-diskursen* er *Open Access* i stor grad sett på som eit gode for juniorar i akademia. Då dei snakkar om at dei sjølv føretrekker å publisere *Open Access* dersom det er

mogleg, og at det gjev tilgang til forskning i ulike livssituasjonar. I *Tellekantdiskursen* er *Open Access* sett på som eit hinder fordi det er andre prioriteringar enn å publisera *Open Access* som er viktige som forskar. Dette er å så sant forskinga er god nok å publisere i Niva 2 tidsskrifter fordi det gjev mest publiseringspoeng. Dette kan tenkast å vera viktigare for doktorgradsstudentar og ferske forskarar, fordi dei ofte har mellombelse stillingar og må konkurrera i eit tøft marknad for neste forskarstilling. Det var eit interessant funn i *Røvardiskursen* at var *Open Access* både eit gode og eit hinder for juniorar. Dette fordi dersom junioren valde å la vera å publisere i røvartidsskrift, men mangla publikasjonspoeng så var det til eit hinder for junioren, men eit gode for den som valde å publisere i røvartidsskrift. Dette er ut i frå eit reint nytteperspektiv, men forskarar og doktorgradsstudentar flest gjer andre vurderingar før dei publiserer forskning i eit røvartidsskrift.

Det overraska meg kor homogene diskursane var, eg fann *Viktigheita av tilgjengeleg forskingdiskursen* hos alle informantane og *Tellekantdiskursen* hos dei fleste informantane. Dermed kan ein sjå at informantane var ganske samstemte om tematikkar innafor *Open Access*. Dei tre diskursane har blitt identifisert på tvers av fag, kjønn, fagfelt, fakultet og universitet. Dette gjer at ein kan stilla spørsmål om kva diskursar som ein kunne identifisert dersom ein intervjuar ei anna gruppa i akademien. Det kan tenkast at *Viktigheita av tilgjengeleg forskingdiskursen* ville blitt funne uansett kva gruppa datamaterialet hadde bestått av nettopp fordi forskning og tilgjengelegheit til den er noko av det mest sentrale i akademien og i *Open Access*.

Det som hadde vore interessant å sett meir på er om *Tellekantdiskursen* og *Røvardiskursen* hadde blitt identifisert og i kva grad dei hadde vore gjeldande for andre grupper i akademien.

Informantane i masterprosjektet har vore frå tre av dei store universiteta i Norge: UiB, NTNU og UiA. Der har tre informantar vore doktorgradsstudentar ved UiB, ein ved NTNU og fem frå UiA. Informantane har høyrte til ulike institutt og fagfelt. Fagfelte som doktorgradsstudentane har bakgrunn frå er kulturvitskap, filosofi, psykologi, biologi, barnehagelærar, ernæring, helsevitskap og lærar. På tvers av desse ulikskapane har eg ikkje

funne skilnadar i datamaterialet i diskursane. Informantane var på ulike stader i doktorgradsløpet når intervjuet fann stad, med dette kom det tydeleg fram at dei som hadde vore doktorgradsstudent lengst hadde meir å komma med i samtalen om *Open Access*. Dette kan tenkast at det å vera heilt fersk forskar har ein ikkje tenkt så mykje over *Open Access* og kanskje i større grad følar at ein må sei ja til førespurnadar til å stille til intervju.

I tillegg så er informantane usamde om *Open Access* bør bli sett på som ein form for forskingsformidling til samfunnet. Då *Open Access publisering* er forskning som er skriva på eit fagspråk og ikkje er populærvitenskapleg forskingsformidling. I og med at *Open Access publisering* i stor grad kan sjåast på som forskning som til for fagfellar, fordi det er publisert i akademiske tidsskrifter, skriva på eit fagspråk og er fagfellevurdert. Dette kan bli sett på som ein «mismatch» mellom kva forskinga er tenkt å nyttast til og argumentet at forskning bør vera tilgjengeleg for alle på denne måten. Ingen i datamaterialet er i mot *Open Access* i seg sjølv, og fleire tar opp viktigheita av forskingsformidling på eit språk som fleire i samfunnet forstår. Dette kan ein sjå i kapittel 5.2 Drøfting at populærvitenskapleg forskingsformidling ikkje har den same statusen i akademia og difor verken før dei økonomiske midlane som trengst for å løftast. Dette gjer at det ville vore ein uheldig utvikling dersom akademia brukar argumentet om at forskning skal vera tilgjengeleg for alle gjennom *Open Access* som primært er skriva for fagfellar til å gje mindre økonomiske og andre ressursar til populærvitenskapleg forskingsformidling.

Difor kan ein sjå at *Open Access* ikkje er nok, det er behov for meir populærvitenskapleg forskingsformidling, og større insentiv til å gjere det for forskarane. Både for å fristilla ressursar til å drive med det, men og for at samfunnet som heilskap ikkje kan slå seg til ro med at *Open Access* fungerer som ei løysing for at alle i samfunnet skal nytte seg av forskning på best mogleg måte.

Perspektiv *Marknadsmetaforar i akademia og Spelereglar for juniorar i akademia* har vore nyttige i analysen til å seie noko om korleis marknadstenkinga påverkar *Open Access* og kva posisjonen som fersk forskarar har av betydning for korleis dei snakkar om *Open Access*. Difor kan ein spør om desse perspektiva hadde vore sentrale dersom det hadde vore andre

*Open Access-diskursar* som hadde blitt identifisert. Det kan tenkast at *Tellekantdiskursen* kanskje ikkje hadde blitt identifisert eller opptredd like sterkt dersom det er andre grupper som *Open Access-diskursar* som hadde blitt identifisert, nettopp fordi ein del grupper i akademia ikkje er like sterkt råka av mellombelse stillingar.

Meir sosiologisk forskning på *Open Access* er naudsynt grunna at akademia og samfunnet tenar på å vita kva biverknadar den gjeldande *Open Access politikken* har for dei som er publisierer, administrerer og lesar forskning publisert *Open Access*. Kva andre *Open Access-diskursar* er det igjen å identifisera i norsk akademia?

## 7 Referanser

- Andvig, J., 2008. Samfunnsforskning på et pseudomarked - En kritikk av norsk forskningsfinansiering. *Nytt norsk tidsskrift*, 13 Mars, pp. 3-13.
- Bagues, M., Sylos-Labini, M. & Zinovyeva, N., 2019. A walk in the wild side: 'Predatory' journals and information asymmetries in scientific evaluations. *Research Policy*, Volum 48, pp. 462-477.
- Beall, J., 2012. Predatory publishers are corrupting open access. *Nature*, Volum 489, pp. 179179.
- Best, J., 2016. Following the Money Across the Landscape of Sociology Journals. *The American Sociologist*, Volum 47, pp. 158-173.
- Bohannon, J., 2013. Who's Afraid of Peer Review?. *Science*, 4 Oktober, pp. 60-65.
- Bratberg, Ø., 2017. *Tekstanalyse for samfunnsvitere*. 2. red. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Brekke, T., 2016. *Nasjonale retningslinjer for åpen tilgang til forskningsresultater*, Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Brinkmann, S. & Tanggaard, L., 2012. *Kvalitative metoder. Empiri og teoriutvikling*. 1. red. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Butler, D., 2013. The dark side of publishing. *Nature*, 28 Mars, pp. 433-435.
- Crawford, W., 2011. *Open access: what you need to know now*. 1. red. Chicago: American Library Association.
- Davidson, A., 2009. Arkeologi, geneologi og etikk. *AGORA*, 13 08, pp. 162-174.
- Farbrot, A., 2010. Forskningsformidling - til hvem og hvorfor?. *Magma*, pp. 58-66.
- Foucault, M., 1989. *The Archeology of Knowledge*. London: Routhledge.
- Foucault, M., 1996. *Tingenes orden: En arkeologisk undersøkelse av vitenskapene om mennesket*. Oslo: Aventura.

- Foucault, M., 1999. *Diskursens orden*. Oslo: Spartacus Forlag.
- Frantsvåg, J. E. & Aspaas, P. P., 2020. Utvikling i Open Access ved UiT 2011-2019. *Ravnetrykk*, pp. 23-34.
- Hall, S., 2001. Foucault: Power, Knowledge and Discourse. I: M. Wetherell, S. Taylor & S. Yates, red. *Discourse Theory and Practice: A Reader*. London: Sage Publications, pp. 72-81.
- Hem, E., 2014. Se opp for røvertidskrifter. *Tidsskriftet for Den norske legeforening*, 1 Juli.
- Hillesund, T., 2005. Kommersiell istedenfor åpen publisering - En kritikk av den norske systemet for dokumentasjon av vitenskapelige publikasjoner. *Norsk medietidsskrift*, Februar, pp. 155-165.
- Hirschman, A., 1970. *Exit, Voice and Loyalty. Responses to Decline in Firms, Organizations and States..* 1. red. Cambridge: Harvard University Press.
- Jørgensen, M. & Phillips, L., 2010. *Discourse Analysis as Theory and Method*. London: Sage Publishing.
- Lakoff, G. & Johnson, M., 2003. *Metaphors We Live By*. Chicago: The University of Chicago Press.
- Landøy, A., Ghinculov, S., Repanovici, A. & Cheradi, N., 2016. Open Access policies and experiences in Norway, Romania and Moldova. *Qualitative and Quantitative Methods in Libraries*, Volum 5, pp. 643-651.
- Macdonell, D., 1986. *Theories of Discourse. An introduction*. 1. red. Oxford: Basil Blackwell.
- Mills, C. W., 1999. *The Sociological Imagination*. New York: Oxford University Press.
- Moher, D., Shamseer, L. & Cobey, K., 2017. Stop this waste of people, animals and money. *Nature*, 7 September, pp. 23-25.
- Neumann, I., 2021. *Innføring i diskursanalyse. Mening, materialitet, makt..* 2. red. Bergen: Fagbokforlaget.

Puddephatt, A. & Price, T., 2017. Symbolic Interaction, Public Sociology, and the Potential of Open-Access Publishing. *Qualitative sociology review*, Volum 13, pp. 142-158.

Rabinow, P., 1984. *The Foucault Reader*. New York: Pantheon.

Rowley, J. et al., 2017. Academics' behaviors and attitudes towards open access publishing in scholarly journals. *Journal of the association for information science and technology*, Mai, pp. 1201-1211.

Seethapathy, G. S., Austarheim, I. & Wangensteen, H., 2017. Skyggesidene ved åpen publisering: indiske forskere utnyttes av røvertidsskrifter. *Nytt norsk tidsskrift*, pp. 165-173.

Skrede, J., 2017. *Kritisk diskursanalyse*. 1. red. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Stortingsmelding, 1., 2012-2013. Lange linjer - kunnskap gir muligheter.

Suber, P., 2008. Open access and the last-mile problem for knowledge. *SPARC Open Access Newsletter*, 2 June.

Suber, P., 2012. *Open Access*. 1. red. Cambridge: The MIT Press.

Swedberg, R., 2014. *The Art of Social Theory*. New Jersey: Princeton University Press.

Thagaard, T., 2018. *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitative metoder*. 5. red. Bergen: Fagbokforlaget.

UHR, 2004. *Vekt på forskning. Nytt system for vitenskaplig publisering*, s.l.: s.n.

Unit, 2013. *openaccess.no*. [Internett] Available

at: <https://www.openaccess.no/> [Funnet 22

Oktober 2021].

Vakil, C., 2019. Predatory journals. Authors and readers beware. *Canadian Family Physician*, Februar, pp. 92-94.

Velterop, J., 2003. Should scholarly societies embrace open access (or is it the kiss of death)? *Learned Publishing*, Volum 16, pp. 167-169.

Wig, S. & Svensen, H., 2016. Trøbbel i tårnet - Om hvorfor akademia må tenke nytt om forskningsformidling. *Nytt norsk tidsskrift*, Mars, pp. 195-208.

Aakvaag, G., 2008. *Moderne sosiologisk teori*. 1st red. Oslo: Abstrakt.

## **Vedlegg 1**

Godkjenning frå Nors senter for forskningsdata

### **NSD sin vurdering**

### **Prosjekttittel**

Open Access - til glede eller besvær?

### **Referansenummer**

952193

### **Registrert**

11.10.2020 av Kristin Alvsvåg - [kal043@post.uit.no](mailto:kal043@post.uit.no)

### **Behandlingsansvarlig institusjon**

UiT Norges Arktiske Universitet / Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning / Institutt for samfunnsvitenskap

### **Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)**

Kari Dyb, [Kari.Dyb@ehealthresearch.no](mailto:Kari.Dyb@ehealthresearch.no), tlf: 90110922

### **Type prosjekt**

Studentprosjekt, masterstudium

### **Kontaktinformasjon, student**



Kristin Alvsvåg, [kristinalvsvag@gmail.com](mailto:kristinalvsvag@gmail.com), tlf: 48251886

## **Prosjektperiode**

**12.10.2020 - 30.09.2021**

## **Status**

**11.11.2021 - Avsluttet**

## **Vurdering (3)**

**25.08.2021 - Vurdert**

**NSD har vurdert endringen registrert 25.08.2021**

Vi har nå registrert 30.09.2021 som ny sluttdato for behandling av personopplysninger. Vi gjør oppmerksom på at ytterligere forlengelse ikke kan påregnes uten at utvalget informeres om forlengelsen.

NSD vil følge opp ved ny planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til videre med prosjektet!

---

**15.06.2021 - Vurdert**

NSD har vurdert endringen registrert 07.06.2021

Vi har nå registrert 31.08.2021 som ny sluttdato for behandling av personopplysninger. Vi gjør oppmerksom på at ytterligere forlengelse ikke kan påregnes uten at utvalget informeres om forlengelsen.

NSD vil følge opp ved ny planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til videre med prosjektet!

**22.10.2020 - Vurdert**

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet 22.10.2020 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

## **MELD VESENTLIGE ENDRINGER**

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

[https://nsd.no/personvernombud/meld\\_prosjekt/meld\\_endringer.html](https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html)

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

## **TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET**

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 15.05.2021.

## **LOVLIG GRUNNLAG**

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

## **PERSONVERNPRINSIPPER**

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om ogsamtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte ogberettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante ognødvendige for formålet med prosjektet

- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylleformålet

## **DE REGISTRERTES RETTIGHETER**

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20). (

NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art.

12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

## **FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER**

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

Nettskjema er databehandler i prosjektet. NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

## **OPPFØLGING AV PROSJEKTET**

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

## **Vedlegg 2**

**Vil du delta i forskningsprosjektet mitt «Kva tankar, haldningar og erfaringar har doktorgradstudentar med Open Access publisering ved norske universitet?»**

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt kor formålet er å belysa kva tankar, haldningar og erfaringar doktorgradstudentar har med Open Access publisering. I dette skrivet gjev me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

### **Formål**

Dette forskingsprosjektet er mi masteroppgåva i sosiologi ved UiT Norges Arktiske Universitet. Temaet til forskingsprosjektet er «Tankar, haldningar og erfaringar om Open Access publisering hos doktorgradstudentar ved norske universitet» og eg ynskjer å få dine refleksjonar om kva yngre forskarar i academia meiner om Open Access publisering.

### **Kven er ansvarleg for prosjektet?**

UiT - Norges Arktiske Universitetet er ansvarleg for forskingsprosjektet.

### **Kvifor får du i spørsmål om å delta?**

Utvalskriteriet til forskingsprosjektet er å vera doktorgradstudent knytt til ein studieinstitusjon i Norge innanfor fagfelta samfunnsfag, humaniora, realfag og medisin. Doktorgradstudentane blir dermed kontakta og spurt om å delta og kontaktinformasjonen til intervjupersonane har eg funne gjennom internettsidene til studieinstitusjonane eg har valt å bruka i utvalet mitt. Målet er å ha med rundt 8-12 intervjupersonar i masterprosjektet.

### **Kva innebere det for deg å delta?**

Å delta innebere for deg å stilla til eit digitalt intervju som varer rundt ein time der intervjuet vil bli tatt opp med lyd ved å nytta ein diktafon-app knytt til eit nettskjema slik at personopplysningane berre vil bli lagra i nettskjemaet. Dataen som blir samla inn vil bli transkribert og informasjonen vil bli avidentifisert.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Viss du vel å delta, kan du kva tid som helst trekka samtykket tilbake utan å oppgi nokon grunn. Alle dine personopplysningar vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg viss du ikkje vil delta eller seinare vel å trekka deg.

## **Ditt personvern – korleis me oppbevarer og brukar dine opplysningar**

Me vil berre bruka opplysningane om deg til formåla som me har fortalt om i dette skrivet. Me behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personregelverket. Ved UiT Norges Arktiske universitet er det masterstudent, Kristin Alvsvåg og veileiar, Kari Dyb som vil ha tilgang til personopplysningane.

Namnet og kontaktopplysningane dine vil me lagrast separat frå datamaterialet frå intervjuet. Deltakarane i studien skal som hovudregel ikkje kunne kjennast igjen i publikasjonen og det er hovudsakleg deira tankar, haldningar og erfaringar med Open Access som skal publiserast.

## **Kva skjer med opplysningane dine når me avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysningane anonymiserast når prosjektet avsluttast/oppgåva er godkjent, noko som etter planen er 15. mai 2021. Etter prosjektslutt vil lydopptaket slettast frå nettskjemaet dei er lagra i under prosjektet.

## **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få sletta personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysningar.

## **Kva gjev oss rett til å behandla personopplysningar om deg?**

Me behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå UiT Norges Arktiske Universitet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

## **Kor kan eg finne ut meir?**

Viss du har spørsmål til studien, eller ynskjer å nytta deg av dine rettar, ta kontakt med:

- Kristin Alvsvåg, mobil: 482 51 886, epost: [kal043@uit.no](mailto:kal043@uit.no)
- Kari Dyb, [kari.dyb@ehealthresearch.no](mailto:kari.dyb@ehealthresearch.no)
- Vårt personvernombod: Joakim Bakkevold, [personvernombud@uit.no](mailto:personvernombud@uit.no)

Viss du har spørsmål knytt til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55582117

### Med vennleg helsing

Kari Dyb

(Forsker/veileiar)

Kristin Alvsvåg

(Masterstudent)

---

### Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «*Kva tankar, haldningar og erfaringar har doktorgradstudentar om Open Access ved norske universitet?*» og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju som blir tatt opp gjennom ein diktafonapp der opptaka lagrast i ei internettsky
- at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta, ca. 15. mai 2021
- at datamaterialet kan nyttast i ein skriftleg artikkel i etterkant av ferdigstilt masteroppgåva

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast fram til prosjektet er avslutta

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

### **Vedlegg 3**

#### **Intervjuguide**

**Tema: «Kva tankar, haldningar og erfaringar har doktorgradstudentar med Open Access ved norske universitet?»**

#### **Informasjon om forskingsprosjektet**

Presentere prosjektet, informere om rettar og personvern, gje beskjed om at det er lov å trekka seg utan å oppgi ein grunn. Forklare formålet med prosjektet og rolla til intervjupersonen.

#### **Fagbakgrunn**

- Kan du kort fortelja om fagbakgrunnen din?
- Kva kjennskap har du til Open Access?
- Har du kjennskap til om Open Access har påverka ditt fagfelt på nokon måte?

#### **Tankar og haldningar**

- Kva tankar har du om publisering av forskning?
- Kvifor meiner du at forskingspublisering viktig?
- Ser du nokon problem med Open Access modellen, eventuelt kva?
- Har du gjort deg nokon tankar angående finansieringsmodellar for forskning?
- I kva grad tenkar du at tilgang på forskning er eller bør ver eit demokratisk gode?
- Ser du konsekvensar av at forskning er bak betalingsmur, eventuelt kva konsekvensar?
- Har du noko inntrykk av at situasjonen med Covid-19 har påverka viktigheita av open tilgang til forskning?

#### **Erfaringar**

- Har du erfaring med eigen publisering av forskning?
- Har du egne erfaringar med Open Access, vil du utdjupa?

- Viss du har publisert sjølv, kor viktig er rask spreieing av dine forskingsbidrag for deg?
- Kor viktig har det vort for deg å hatt open tilgang til andre sine forskingsbidrag?
- Andre doktorgradsstudentar har snakka om uærlege tidsskrift eller røvertidsskrift som ein konsekvens av Open Access, har du nokon tankar om det?

### **Avslutning**

- Har du nokon planar om å arbeide vidare med forskning?
- Har du andre refleksjonar, tankar og erfaringar med Open Access som ikkje er komen fram tidlegare i intervjuet?

Stilla spørsmål som har dukka opp undervegs og la intervjupersonen leggja til meir dersom ynskjeleg.



